

Bokn Bygdablad

Nr. 6 august 2011 – Årg. 26



Partia svarar – s. 4



Maritim børste – s. 13



Verdensbegivenhet – s. 28



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



H A R ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Stem mot terroren!

Terroren som råka regjeringskvartalet og Utøya den 22. juli var ei frykteleg, uverkeleg og sjelsetjande hending som det endå er vanskeleg å setja ord på og forholda seg til. Skadeomfanget og talet på drepane gjer henne til den verste valdshandlinga på norsk jord i fredstid.

ropa på hemn. "Vårt svar er meir demokrati" sa statsminister Jens Stoltenberg i Oslo Domkirke. Det norske folket møtte hatet med kjærleik og menneskeleg varme. Me har stadfesta for kvarandre at me høyrar saman, og me har stadfesta viktige sider med det som me oppfattar som vår nasjonale identitet. Idèen om at mennesket er ei øy som klarar seg åleine, mista fotfeste dagane etter den 22. juli. Då felles-

syn på samfunnet. Det er særskilt viktig at denne type ytringar blir møtt med argumentasjon— ikkje teia i hel. For å

kunne forstå handlinga, må ein forstå den ideologiske samanhengen. Samfunnet må ta eit oppgjør med denne ideologien, på same måte som me har gjort med islamistisk ekstremisme.

Den regjeringsnedsette 22. juli-kommisjonen har eit svært omfattan-



Oslo domkirke 26. juli - Foto: Kyrre Lindanger

"Vi er så få her i landet, hver fallen er bror og venn" skreiv Nordahl Grieg i 17. mai-diktet sitt i 1940. Noreg er eit lite land der innbyggerane står kvarandre nær. Kvar fjerde innbygger kjenner nokon som blei ramma av terroren i sommar. Difor sto det norske folket unisont opp mot terroren og tok landet tilbake etter åtakket. Heile nasjonen viste omsorg og medkjensle med dei som blei ramma gjennom folkeleg deltaking i ulike arrangement, minnemarkeringar og nedlegging av blomar i det offentlege rom. Medkjensla kom også sterkt til uttrykk gjennom kondolansseprotokollen som låg framme i servicetorget på Boknatun.

Ut av det vonde har det grodd fram noko godt. Fellesskapet og samholdet i landet blei styrka over natta. Ingen

skapet blei truga av ein ytre fiende, søkte me saman og stadfesta at me høyrer saman som menneske.

All form for fundamentalisme er farleg, same om han spring ut frå høgre- eller venstresida. Det er nå viktig å henta inn kunnskap om høggeradikale miljø. Terroren ramma landet vårt som ein knyttneve, ikkje frå aust, men frå "mørkeste hjerte midt i blant oss". Slike som masse mordaren på Utøya kan vera intelligente på bestemte område og målbevisste i planlegginga.

Og skremmande nok, tankegodset hans når fram til små grupper. Dette veit ein gjennom meningsytringar frå ytterleggående politikarar, grupperingar og bloggarar som har sympatiar med masse mordaren sit forskrutte

de, tungt og viktig arbeid framføre seg, og det er store forventningar til den endelege rapporten. Det er nå viktig å snu kvar stein i denne saka og bruke det som trengst av ressursar for å finne flest moglege svar og få mest moglege lærdom.

Deltakinga ved kommune- og fylkestingsvala har tradisjonelt vore låg. Berre 59 prosent brukte stemmeretten ved kommunevalet i 2003. Den beste måten å svara på terroren som råka Noreg den 22. juli er å bruke stemmeretten ved årets val. På den måten styrkar me demokratiet og hegnar om verdiane våre. Gjennom demokratiet endrar og utviklar me samfunnet vårt og ikkje gjennom frykt og vald.

Godt val!

Ordføreren



VAL

Kommunestyre og fylkestingsvalet 2011



Måndag 12.09.2011 har valtinget
opent frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på
Boknatun, Allrommet.

Ta med legitimasjon.

Institusjonsval

På grunn av beliggenheit vil insti-
tusjonsvalet gå føre seg samtidig

som ordinært val 12. september
2011 i det ordinære vallokalet som
er Allrommet i Boknatun.

Skyss til og frå vallokalet

Dersom nokon har problemer med
å komma seg til vallokalet måndag
12. september 2011, ta kontakt
med servicetorget på tlf.

52752500 så vil vi få til ein skyss-
ordning til og frå vallokalet.

God val.

Hilsen

Valnemnda i Bokn kommune



Bokn best!

Jardar Havikbotn

**Dagbladet rangerte søndag 4. sep-
tember alle dei 430 norske kom-
munane etter kor god den økono-
miske styringa var. Og kven andre
hamna på fjerdeplass enn Bokn?
Visste du at boknarane faktisk bur
i Rogalands best styrte kommune?**

Kriteria

Kommunane blei målte etter seks kri-
teria:

1. Kor mykje av driftsinntekta går til administrasjon?
2. Kor mykje utgjer lånegjelda i forhold til driftsinntektene?
3. Kor stort er disposisjonsfondet i forhold til driftsinntektene?
4. Koss har lånegjelda utvikla seg frå 2009 til 2010 rekna i forhold til innbyggjartalet?
5. Kor mykje utgjer driftsresultatet av driftsinntektene i perioden 2008 – 2010?
6. Er kommunen sett under statleg administrasjon og står på Robek-lista?

Rangering

Heilt på topp i landet, kom Aukra kom-
mune i Møre og Romsdal. Men dei nyt
godt av å vera ilandføringskommune

for Ormen Lange-feltet. Bare to roga-
landskommunar kjem med på den na-
sjonale ti på topp lista: Bokn på fjerde
og Hå på sjuande plass.
Rangeringa av haugalandskommunane
er slik:

Bokn kommune	4. plass
Vindafjord kommune	41. plass
Sauda kommune	56. plass
Karmøy kommune	65. plass
Tysvær kommune	89. plass
Etne kommune	158. plass
Utsira	191. plass
Sveio kommune	195. plass
Og på botn	
Haugesund kommune	379. plass

Av nabokommunar elles ligg Rennesøy
på 323.plass, Kvitsøy på 131. plass,
Finnøy på 204. plass og Stavanger på
83 plass.

Som venta

- Dette er ei svært hyggeleg kåring,
men eg er ikkje overraska over resul-
tatet. I Bokn har me ansvarlege politi-
karar og flinke og lojale medarbeidarar
i administrasjonen. Dessutan har må-
lingar tidlegare i år vist at me ligg

Dagbladet
4. sept.



mellom dei beste kommunane i landet
når det t.d. gjeld helse og sosial og
skule.

- Ein god økonomi er sjølvsagt eit av-
gjerande grunnlag for å kunna tena
boknarane på ein best mogeleg måte
og å utvikla lokalsamfunnet vårt i ei
positiv retning. Målinga viser også at
me har ein effektiv administrasjon.
Økonomiske bekymringar vil alltid ste-
la fokus og energi i forhold til oppgåve-
ne me skal løysa medan ein god øko-
nomi gir ro i heile kommuneorganisa-
sjonen, seier ordførar Kyrre Lindanger
i ein kommentar.



Bokn Bygdablad har i forkant av valet 12.09 stilt fylgjande spørsmål til dei fire politiske partia i Bokn:

1. Kor viktig er det at Bokn held fram som eigen kommune?
2. Korleis vurderer partiet interkommunalt samarbeid?
3. Kva er den viktigaste saka for partiet kommande periode? Og kvifor?
4. Bokn står framfor fleire større investeringar dei kommande åra. Korleis bør investeringane prioriterast? Grunnge svaret:
 - Barnehage
 - Fleirbrukshall
 - Skule
 - Tilrettelegging av byggefelt
 - Vassverk
 - Anna (spesifiser)
5. Kor bør ny fleirbrukshall ligga? Kvifor?
6. Kor bør dei kommunale sentrumsfunksjonane ligga i framtida?
7. Kva utfordringar for Bokn ser partiet i den komande kommunikasjonsmessige utviklinga?
8. Kvifor bør boknarane stemma på partiet?

Svara blei monterte inn i bladet etterkvart som dei kom til Bygdabladet sin innboks.

Kanskje usikre veljarar blir sikre etter å ha lese kva dei svarte:



BOKN ARBEIDARPARTI

1. Nasjonale undersøkingar viser at Bokn er blant landets beste styrte kommunar. Bokn Arbeidarparti meiner at det gode tenestenivået best kan vidareførast ved at boknarane sjølv har styringa og at Bokn også i framtida er eigen kommune. Undersøkingar viser at innbyggjarane i småkommunane er mest tilfreds med dei kommunale tenesteytingane. Forklaringa er enkel: Dess mindre kommunar, dess kortare avstand mellom styrt og styrande og mellom mottakar og utøvar. Med kort avstand aukar kvaliteten på dei individretta tenestene.

2. Bokn Arbeidarparti ynskjer ikkje kommunesamanslåing, men vil jobba for eit tett, interkommunalt samarbeid på Haugalandet, gjerne med Bokn som pådrivar og brubyggjar. Det som tener regionen tener den einskilde kommunen. Kommunane på Haugalandet samarbeidar i dag på mange område. Bokn Arbeidarparti ser det interkommunale arbeidet som svært viktig i framtida og det er framleis område der ein bør få til eit forpliktande samarbeid med dei andre kommunane, slik som til dømes innan barnevern, brann- og feiling, innføre spesialisthelsetenesta og innan kommuneplanlegging og kommunalteknikk.

3. Den viktigaste saka kommande periode blir å sikra alle som treng det barnehageplass i kommunen gjennom

å auke talet på barnehageplassar.

4. Bokn Arbeidarparti ynskjer i utgangspunktet å gjennomføra alle desse investeringane, men ser det naudsynt å prioritera blant prosjekta. Planlegginga av nokre av tiltaka er allereie starta opp inneverande periode, slik som t.d. vassverk, Føresvikvegen og byggefelt.

4.1. Barnehage

Bokn Arbeidarparti meiner at ein skal prioritera dei lovpålagte oppgåvene til Bokn kommune fyrst. Kapasiteten i barnehagen er snart sprengt. Ein bør difor prioritera utbygging av eksisterande barnehage eller vurderer å bygga ny barnehage.

4.2. Vassverk

Dagens vassverk blei bygd på byrjinga av 70-talet og var dimensjonert for langt færre innbyggjarar enn ein er i Bokn i dag. Med den auken ein har i innbyggartalet i dag, og med dei folketalsframskrivingane ein har, krevst det nå å utvida kapasiteten på vasskjelda og på høgdebasenget. Dette må mellom anna gjerast for å kunne sikre vatn til dei planlagde byggefelta.

4.3. Tilrettelegging av byggefelt

Når det gjeld nye byggefelt i kommunen, er dette ikkje-lovpålagde oppgåver, men oppgåver som likevel er etterspurt og som er viktige for boknasamfunnet. For at Bokn framleis skal oppleve ei folkeauke, er det avgjerande å prioritera utbygging av nye bustadfelt. I dag er det ingen ledige, byggemogna bustadtomter i Bokn.

4.4. Fleirbrukshall

Bygging av fleirbrukshall er heller ikkje ei lovpålagt oppgave for kommunen, men dette er eit prosjekt som står høgt oppe på ynskelista til boknarane. Bokn Arbeidarparti meiner fleirbrukshall skal ha høg prioritet, så lenge prosjektet ikkje går utover øvrig drift og dei lovpålagte oppgåvene.

4.5. Anna: Føresvikvegen

Arbeidet med oppgradering av Føresvikvegen er kome godt i gang, men det er viktig å få fullført dette prosjektet. Tri av fire boknarar bur i området Føresvik/Alvestadkroken. Det er difor viktig at infrastrukturen harmonerer med den trafikkmengda som fylgjer av dette.

4.6. Skule

Bokn skule stod ferdig i 1972 som ein open 1-9-skule. På nitti-talet blei bygget modernisert og gjort meir funksjonelt. I nasjonal samanheng står bygget i dag fram som både moderne og velhalde. Men auke i elevtalet har ført til plassmangel. Med mindre ombyggingar/påbygg vil ein løysa plassbehovet for dei neste åra. Bokn Arbeidarparti meiner at eit nytt skulebygg ikkje er naudsynt nå, men kanskje om ti år.

5. Ny fleirbrukshall bør ligga i Føresvik. Ei slik plassering er logisk då skulen og barnehagen blir dei viktigaste brukargruppene. Det blir kort veg, samstundes som fleirbrukshallen blir synleg for elevane. Bokn har i dag ein stor fordel i at ein har eit kompakt og svært godt samla sentrum med ein logisk sentrumsstruktur. Plassering av fleirbrukshall i Føresvik gir eit

tydelegare og meir lesbart sentrum, samstundes som bygget vil fungera som ein sentrumsportal.

Alt tyder på at Føresvik er det billegaste alternativet. Ein slepp å løysa ut veg og Bogn kommune eig allereie områda som er tiltenkt fleirbrukshallen. Ei utbygging i Føresvik passar også planmessig godt med den pågåande oppgraderinga av Føresvikvegen. Regionale mynde har gitt tydelege signal om at ein vil støtta utbygging rundt eit *etablert* sentrum. Andre utbyggingsområde vil kunne føre til fleire motsegner og lengre planleggings- og sakshandsamingstid. Bogn Arbeidarparti ynskjer å støtta opp om Føresvik som kommunen sitt sentrum med plassering av ny fleirbrukshall i området.

6. Føresvik

7. Det blir det ei stor utfordring å planlegga og leggja til rette for tida etter gjennomføringa av T-sambandet og Rogfast. Alle framskrivingar visar ein kraftig auke i talet på innbyggjarar i Bogn når desse samferdsleprosjekta er på plass. Politakarane i Bogn må ta stilling til mange forhold i kommuneplanarbeidet; Kor mange innbyggjarar skal ein leggja til rette for? Kvar skal dei bu? Korleis dimensjonerar og finansierar ein infrastruktur? Dette er "positive" utfordringar som krev presisjon og evna til strategisk og langsiktig tenking. Bogn Arbeidarparti er oppteken av at investeringane held takt med folketalsutviklinga, samstundes som ein sikrar kvaliteten på te- nesteproduksjonen gjennom ei

berekraftig, ansvarleg og balansert planlegging. Den aller største utfordringa blir kanskje likevel å få regionale styresmakter til å vera med på opplegg vårt.

8. Bogn er ein liten kommune og for å dra lokalsamfunnet i same retning, er me meir opptatt av konsensus mellom

partia enn av konflikter. Bogn Arbeidarparti ynskjer å bidra til eit godt samarbeid på tvers av partia.

Listekandidatane våre er engasjerte og ansvarlege og har stor tru på Bogn som eigen kommune. Gjennom aktiv deltaking i lokalpolitikken ynskjer me å bidra til vekst, utvikling og trivsel i Bogn.

Bogn Arbeidarparti trur på eit sterkt og solidarisk fellesskap. Me vil ha eit samfunn der alle skal vera med.



1. I løpet av få år vil åpning av T-forbindelse og påbegynnelse av Rogfast plassere Bogn strategisk i sentrum mellom Haugesund og Stavanger. Bogn Høyre har programfestet at vi ønsker en sterk og selvstendig kommune slik at vi selv kan bestemme vår videre utvikling!

2. Vi vurderer interkommunalt samarbeid som viktig. Dette gjør det mulig å opprettholde et bredt og godt tilbud til innbyggerne i kommunen. Gjennom erfaringsutveksling bidrar samarbeidet til kompetanseheving og en effektiv fordeling av ressurser mellom kommunene. Noe som er spesielt viktig for oss i en liten kommune.

3. Bogn Høyre vil tilrettelegge for vekst og bidra til at Bogn er en attraktiv kommune både for innbyggere og næringsliv. Dette vil kreve:

- Tilstrekkelig kapasitet på skole og barnehage
- Tilgjengelige og attraktive bolig- og næringstomter
- Godt service- og velferdstilbud
- Infrastruktur og trygge skoleveier
- Gode vann – renovasjonsforhold med tilstrekkelig kapasitet og til konkurransedyktige priser

4. For å tilrettelegge for en fremtidig befolkningsvekst krever det langsiktig planlegging. For å være en attraktiv kommune for innbyggere og næringsliv, må Bogn ha tilstrekkelig kapasitet på barnehage, flerbrukshall, skole, bolig- og næringstomter, infrastruktur og vassverk. Dette medfører store investeringer som henger sammen.

Bogn Høyre har programfestet:

- Flerbrukshall:

Må igangsettes i løpet av 2012. Og plasseres i nærheten av barnehage, skole bibliotek, helsesenter og kommunehus. Det må også bygges tilhørende kunstgressbane. Inkl. fasiliteter som kan benyttes av barnehage, skole og kulturarrangementer. Hallen og området planlegges for flere byggetrinn. Slik at det er muligheter for en naturlig utvidelse med tilhørende barnehage og barneskole.

- Barnehage:

Utvide kapasiteten på nåværende plassering. Ved fremtidig behov kan det bygges ny barnehage i sammenheng med flerbrukshallen, og eksisterende lokaler kan overtas av skolen

- **Skolen** planlegges bygget ut i flere trinn på nåværende plassering for å ligge i forkant av en forventet elevvekst

- **Gode vann – renovasjonsforhold** med tilstrekkelig kapasitet og til konkurransedyktige priser

- Bogn er kategorisert i sone 3, noe som gir mer **lokalstyre ved bygging i strandsonen**. Dette gir store muligheter for å utvikle attraktive bolig- og hyttefelt i nærheten av sjø. Det må tilrettelegges for større og mindre boligfelt i kommunen, også for private utbyggere.

- **Trygge skoleveier** ved å bedre gatelabelysning og etablere flere sykkelstier

5. For å få en god utnyttelse må en ny flerbrukshall samlokaliseres med barnehage, skole, bibliotek, helsesenter og kommunehus. Bogn Høyre mener at en ny flerbrukshall må plasseres i Føresvik, vest for dagens

skole. Plasseringen må sees i sammenheng med ny infrastruktur og en videre utbygging av boligfelt nord for Føresvik. Og området har store areal tilgjengelig for en naturlig utvidelse med tilhørende barnehage og barneskole.

6. Bogn er heldige som har et tydelig definert kommunesentrum og det ønsker Bogn Høyre å opprettholde. Å flytte/spre kommunale funksjoner vil være svært kostbart. Høyre er opptatt av at fremtidige investeringer ikke går på bekostning av en stabil og sunn kommuneøkonomi, og det oppnår vi med samlokalisering.

Bogn må gripe muligheten som T-forbindelse og Rogfast innebærer, og en eventuell sentrumsdebatt vil være en avsporing i denne utviklingen.

7. Den kommende befolkningsveksten vil gi Bogn en rekke utfordringer og muligheter. Vi må ha tilgjengelige bolig- og næringstomter, tilstrekkelig kapasitet på skole/barnehage og en effektiv kommuneadministrasjon. Vi må ha klare planer for en trinnsvis kontrollert utbygging av tilbud i kommunen.

Kommuneadministrasjonen må styrkes for å møte økt vekst og behov. Samtidig må det være attraktivt og interessant å være ansatt i kommunen, slik at vi kan tiltrekke oss kompetent arbeidskraft.

8. Bogn Høyre har engasjerte og beslutningsdyktige kandidater med ulik alder, bakgrunn og erfaring. God blanding av innflyttere og boknere med slekt flere generasjoner tilbake i tid. Vi er klare til å gjennomføre viktige oppgaver for en fremtidig utvikling av Bogn!



BOKN SENTERPARTI

1. For Senterpartiet er det viktig at Bokn held fram som eigen kommune. Me ønsker lokal påvirkingsmulighet og meiner at me gir innbyggerane gode tenestetilbud. Men me er avhengig av allsidige og dyktige fagfolk i eit så lite miljø, eit eksempel på dette er vaktmeisterane i kommunen. Skulle det komme forslag om ein større kommunesamanslåing, vil me først vurdere konsekvensane for Bokn før det blir tatt eit standpunkt.

2. Senterpartiet meiner det er viktig med interkommunalt samarbeid for å styrke Haugalandet. Godt samarbeid kan også styrke fagmiljøane mellom kommunane der det trengst.

3. Den viktigaste saka blir avgjerda om utbygging av skule/fleirbrukshall. Dette er nøkkelen som avgjer rekkefølga på mange investeringar i kommunen.

4. Prioritering av dei viktige investeringane blir vanskelig, for det er ofte saksbehandlingstida og tilskotsordningar som avgjer når tinga kan utførast. Eit eksempel på dette er vassverket der regulering av magasinet må konsesjonsbehandlast. Det gjeld også byggefeltet på Fyren der ein har forminner, det tar altfor lang tid til å få tilrettelagt tomtene. Barnehagen får tilskot for kvar ny barne plass. Senterpartiet meiner at ein må ta med alle etatane i kommunen og finne den beste praktiske og økonomiske løysinga for

framtida. Skulen er i bra stand, men har ein del mangler som brannsikring, isolasjon, garderobeforhold og usikker tilstand på tak og oppvarmingsanlegg. Eit alternativ kan vere å bygge ny skule og hall på "Fyren", deretter flytte administrasjon

nen opp i den nye delen av skulebygget. Bruke dagens kontorar på Boknatun til nye pasientrom i samband med samhandlingsreformen.

4.1. Det er **barnehagen** som har størst behov for utbygging pga. plassmangel. Senterpartiet meiner at alle som ønsker det skal få tilbud om plass. Me meinte derfor utbygging i inneverende periode var det rette, men dei andre partiene var ikkje einig i dette.

4.2. **Tilrettelegging av byggefelt**
Det har den siste tida mangla tomter/bustader, men det ser nå ut til at private aktørar ser Bokn som eit nytt marked og dette vil betre tilbudet allerede i år. Kommunen må tilrettelegge for rask plan og saksbehandling og informere om dei finansieringsmulighetene ein har i kommunen.

4.3. **Tilbud til dei unge**
Senterpartiet var einig i å stoppe oppussinga av kjellerlokala på Petra, dette ser ein i ettertid ikkje var rett då det tar lengre tid enn venta å skaffe nye lokaler. Me vil derfor at ein bidrar med midler fra kommunen for å utføre nødvendig oppussing.

4.4. **Vassverket** treng oppgradering og auka kapasitet for å gi nok vatn med god kvalitet til alle som ønsker vatn.

4.5. Skule/fleirbrukshall

Dette blir eit økonomisk stort løft, men fordelene av samlokalisering ang. drift og vedlikehald bør gjere dette mulig.

5. Senterpartiet meiner fleirbrukshall må byggast tilknytta skule og bør ligge på "Fyren", vest for nærmiljøanlegget. Dette vil ligge sentralt for skuleelevar og brukarar av hallen. Det er lik avstand frå Føresvik, Havnavegen og Øyrenfeltet, med kort og lett veg for alle. Det er enkel tilgang til sjøen då den bør brukast til miljøvennleg oppvarming av bygg og eit framtidig symjebasseng.

6. Dei kommunale sentrumsfunksjonane bør framleis ligge i Føresvik.

7. Den største utfordringa vil bli å få til ei ordning med Kystbussen der ungdommar kan ta bussen til ein fornuftig pris. Senterpartiet ønsker å betre tilbudet til pendlarar/skuleelevar mot Stavanger. Det vil også bli ei utfordring å få til god transport frå og til E39 og vidare rundt i kommunen.

8. Boknarane bør stemme Senterpartiet, partiet har mange gode kandidatar med ulik alder og erfaring. Tormod er ein god ordførarkandidat som er van til å ta avgjerder og kjenner kommunen sine mange utfordringar. I mange saker jobbar partiene saman for å ting utført, eksemplar på saker Senterpartiet har jobba ekstra med er nye av- og påkjørsalar til E-39, bilklubben til ungdommane, vatn til Ognøy og Føresvik indre hamn.



BOKN KRISTELIG FOLKEPARTI

1. Det er viktig å vera eigen kommune, med lokalt styre, men då er vi avhengig av statlege overføringar på linje med det ein får i dag, slik at vi kan oppretthalda tenestetilbodet minst like godt som i andre kommunar. Så lenge staten støttar små kommunar er KrF for eigen kommune.

2. Vi er generelt positive til interkommunalt samarbeid, men dette kan også vere ein fare for demokratiet. I eit samarbeidsprosjekt blir det som oftast vald eit eige styre, som har sine egne saker, og der kommunestyret meir eller mindre blir degradert til å gi innspel og løyva pengar.

3. Vi må velje side for dei som slit. Det finst ingen nøytralitet i møte med til dømes einsemd og liding. Nøytral

kan ein ikkje vera – for då har ein allerede vendt ryggen til dei som er ramma.

Vi trur at Bokn treng ei tydeleg stemme for verdjar som familie,

frivillig organisasjonsarbeid, lokalt næringsliv og eit levande lokalsamfunn der vi tar vare på alle, også dei som kjem nye til kommunen.

4. **Bokn Barnehage** er i dag for liten til å ta imot alle som vil ha barnehageplass, og er derfor fyrste prioriteten vår. Vi vil at fleire skal flytte til kommunen vår. Då må vi legge til rette **byggefelt** på meir enn ein plass. Dersom vi får fleire innbyggjarar til kommunen treng vi større kapasitet på **vassverket**.

Skulen treng også større plass når vi

blir fleire, men alt heng saman, så seier vi ja til det eine får det konse

kvensar for dei andre tinga.

I lys av dei tidlegare prioritertingane blir det vanskeleg å prioritere ein **fleirbrukshall**.

5. Slik Kr.F har prioritert er dette eit uaktuelt spørsmål nå.

6. Dei kommunale sentrumsfunksjonane ligg i sentrum i dag. Det er nokså like lagt frå ytterpunktene Loten og Ognøy. Kommunesenteret bør difor ligge i Føresvik der det ligg i dag.

7. I lys av utbyggingane som er vedtekne i nasjonal transportplan (T-forbindelse og Rogfast) blir dei store utfordringane våre å få gjennomslag for dei behova vi har når det gjeld avkjøringar, gang- og sykkelstiar, støy og støv, og auka trafikk gjennom kommunen.

Ei anna utfordring er å få til eit realistisk kollektivtilbod for innbyggjarane i Bokn.

Når det gjeld datakommunikasjon må vi få utbygd fiberlinjer. Dette er viktig

for at bedrifter og gründerar skal

etablera seg her.

8. Veljarane i Bokn bør stemme på KrF fordi vi vil setje mennesket i sentrum. Om veljarane er samde med oss i dette vil KrF sine kommunerepresentantar blant anna

arbeide for:

- Barnehagetilbod til alle
- Skule med positivt læringsmiljø utan mobbing
- Gode vilkår for frivillig arbeid
- Alderdom med meining og innhald
- At Bokn blir ein god plass å bu

Desse stiller til val for perioden 2011 – 2015

Bokn Arbeidarparti

1. X **Kyrre Lindanger**
2. X **Anne Løvereide Faye**
3. Arne Hosaas
4. Unni W.W. Høivik
5. Odd Kenneth Tollaksen
6. Christine Berge-Christiansen
7. Kjetil Eivind Hamre
8. Marie Løvoll Faye
9. Gunnar Solberg
10. Rita Bokneberg
11. Børt Åge Øvrebø
12. Solrun Anette Ognøy
13. Ronny Taraldlien



Bokn Høyre

1. Lars Norekvål
2. Ann Jeanette Sunde Olaussen
3. Gunnar Emil Bokneberg
4. Eiliv Lokna Staalesen
5. Olav Georg Larsen
6. Kerstin Larsen
7. Christian Botolf Knutsen
8. Edgar Våge
9. Sonja Jofrid Mikkelsen
10. Olav lande Rossebø
11. Einar Tore Øvrebø
12. Kurt Jøsang
13. Tore Lund
14. Martin Trosnavåg
15. Anne Mette Jøsang
16. Onar Alvestad



Bokn Kristelig Folkeparti

1. X Oddvar Hognaland
2. X Sigmund Alvestad
3. X Anette Lundervold
4. Torstein Alvestad
5. Odd Grønnestad
6. Ingrid Blikshavn
7. Arthur Alvestad
8. Jorunn Larsen



Bokn Senterparti

1. Tormod Våga
2. Hanne Marte Vatnaland
3. Trond Nedrebø
4. May Jorunn Vatnaland
5. Osmund S. Våga
6. Johannes Nilssen
7. Emilie M Eikje
8. Harry Vågshaug
9. Daghild G. Alvestad
10. Kjell Frode Lie
11. Anita Kro
12. Magne J. Ognøy
13. Vilhelm Våge
14. Anbjørn Bokneberg



Oppfordring frå listekandidat Hanne M. Vatnaland:

Stemmen din er til for å brukes!

Et demokrati hvor halvparten av befolkningen sitter hjemme på valgdagen, og dermed lar den andre halvparten bestemme for dem hvordan landet og kommunene skal styres, er et dårlig fungerende demokrati.

Visste du at i enkelte land får man bot og mister mange av sine borgerrettigheter om man lar være å stemme? Sy-

nes du det bør være obligatorisk å stemme i Norge for å garantere at alle sier sin mening?

Og med det har du akkurat blitt snikintrodusert for politikk. Poenget er at politikk er altomfattende for deg i hverdagen, og hvilke mennesker som blir valgt til å styre kommunen der du bor og hva de står for, har mye å si for om du vil trives der eller ikke.

- Å stemme ved valg er din direkte og mest effektive måte å si din mening om hvordan du vil at samfunnet skal være. Ingen vet hva du vil om du lar være å si det.

- Kommunevalget er like viktig som stortingsvalg: i kommunen gjøres bestemmelser på de sakene nærmest oss, som angår oss mest.

Framhald på neste side

Framhald frå førre side

- Enten det skal stemmes illrødt eller mørkeblått så har vi alle interesse av et demokrati som fungerer. Uten at vi tar vår del av ansvaret med å sette oss inn i hva som skjer rundt oss og hvor vi vil i fremtiden, så kan vi heller ikke kritisere de som styrer i dag.

- I en liten kommune som Bokn er det desto viktigere at du bidrar til å legitimere det demokratiske beslutningssystemet som din kommune utgjør!

Blant enkelte heter det seg at politikere «låve å lyge». Oversatt er dette hva man kaller en *koalisjon*. Spør et enebarn og et medlem av en søskenflokk på 5 hvem av dem som får viljen sin mest. Foreldrene til søskenflokket valgte å få mange barn, og de må bli enige seg imellom (les: krangle) om politikken i flokken. Utfallet påvirkes også av hvem av de ulike søsknene som har mest makt; ofte kan det vise seg å være den yngste. På Stortinget fikk Arbeiderpartiet flest stemmer ved forrige stortingsvalg, og kan dermed anses som minstemann som får viljen sin i størst grad, men likevel må ta

hensyn til 4 andre søsken.

Om vi alle stemmer på det samme partiet, da får vi et enebarn; og de gjør akkurat som de vil.

Politikk er mer enn tomtere regulering og kjedelige debatter med overdreven bruk av hersketeknikker. Utfallet av kommunevalget vil nemlig garantert ha innvirkning på et område i samfunnet som interesserer nettopp DEG. Gi deg selv derfor mer tyngde ved å gjøre deg bevisst dine holdninger, verdier, kampsaker og til sist ditt politiske ståsted.



Formannskap

Forvaltningsstyre

Kommunestyre



Formannskapsmøte 24. mai

Sak 029/11 Nedsetjing av fartsgrensa på Austre Bokn og søknad om gatelys

Formannskapet sitt vedtak:

A.

1) Formannskapet rår vegvesenet til å setja ned fartsgrensa frå 80 km pr. time til 50 km pr. time på heile fylkesvegen på Austre Bokn. Dette gjeld FV 897, 3238 km veg frå kryss med E 39 til Våga og FV 898, 3.005 km veg frå kryss med E 39 til Nydalen. Vegen vil med dette bli tryggare for born og vaksne som ferdast på smal og svingeteveg utan gongveg eller fortau.

2) Formannskapet finn krav om gatelys relevant, me vil ikkje bevilga egne midlar til dette. Kravet vil bli teke med når ein til hausten prioriterer midlane til trygg skuleveg. Ein vil i denne samanheng prioritera busstopp og strekningar der skuleborn må gå til bussen.

B.
Formannskapet ber vegvesenet om godkjenning til å stengja avkjørsla sør for bedehuset på Austre Bokn av omsyn til trafikktryggleiken. Når oppsiterane har fått ny avkjørsle kan dette gjerast utan stor ulempe for nokon.

Bokn kommune opprettar 2 læreplassar i kommunen frå og med hausten 2011. Kostnaden for inneverande år; kr.

90.000,- vert dekket av reservert løyving.
Læreplassane vert deretter lagt inn i ordinært budsjett for åra som kjem.
Administrasjonen får fullmakt til å bestemme kva fag ein vil ta inn lærlingar i.

Sak 035/11 Medlemsskap i lokalssamfunnsforeninga.

Formannskapet sitt vedtak med 6 mot 1 røyst:

Bokn kommune melder seg inn i Lokalsamfunnsforeningen og betaler den årlige kontingenten på 5.000 kroner.

Sak 037/11 Bygging av skule/flerbrukshall.

Formannskapet sitt vedtak:

Ordførar la fram forslag frå gruppeleierane til vedtak i saka. Formannskapet tok ikkje saka opp til realitetsbehandling. Formannskapet vedtok samrøystes: at ordførar tek initiativ for å jobbe vidare med saka.

Sak 030/11 SØKNAD OM FORLENGELSE AV KOMMUNAL VEG VED GNR. 9 BNR. 57

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet rår til at at kommunen gjev fri veggrunn i nordaustre delen av skuletomta g.nr. 9 b.nr 57. Veggrunnen blir stilt til rådvelde for at ein skal kunna byggja ut sørvestre del av tomtene 9/12 og 9/72. Det er ein føresetnad at byggeplanane blir godkjende. Utbyggjaren må stå for opparbeiding av vegen etter kommunen sine normer og kosta arbeidet. Vegen skal asfalterast. Under desse føresetnadene tilrår formannskapet at vegen etter at han er ferdigstilt, blir teken over av kommunen for framtidig vedlikehald. Formannskapet vil be administrasjonen om å lage retningslinjer for bruk av kommunal grunn til vegføremål.

Sak 034/11 Lærlingeplasser i Bokn kommune.

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapsmøte 14. juni

Sak 039/11 SFO – endra opningstid.

Formannskapet vedtok:

SFO opnar kl 0700 frå og med 1.8.2011.

I samsvar med dette blir vedtektene endra slik:
Vedtektene for SFO punkt 7: Dagleg opphaldstid og årlig opningstid
Skulefritidsordninga har ope alle skuledagar før skulestart frå **0700** og etter skuletid til 1630.

På skulefridagar i tida **0700** - 1630. Tilbodet kan bli gitt i samarbeid med barnehagen.

Skulefritidsordninga har ope heile året måndag til fredag på vanlege arbeidsdagar med unntak av 4 veker i juli måned, julaften, nyttårsaftan og onsdag før påske.

Forvaltningsstyremøte 21. juni

Sak 040/11 Barnehagen - betaling for måltidene

Formannskapet vedtok:

endring i vedtektenes pkt. 8 og nytt pkt. 10.

Sak 041/11 Energi- og klimaplan i Bokn kommune.

Formannskapet vedtok:

Før saka legges fram til kommunestyre for behandling ynskjer ein at det blir laga ei utgreiing som viser kostnadane for gjennomføring av tiltaka basert på ei kost/nytte vurdering.

Forvaltningsstyremøte 26. mai

Sak 020/11 Gnr 9 bnr 72 Lars Norekvål -bustadhus med 6 bueiningar.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

1. Søknad om rammeløyve for oppføring av bustadbygg med 6 bueiningar vert godkjent med heimel i § 20-1 i PBL i samsvar med søknad.
2. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 2.
3. Føresegnene sine krav til universell utforming må etterkomast.
4. Den arkitektoniske utforminga av bygget må forberast ved detaljutforming av fasadar, uteareal etc. før det vert gjeve igangsetjingsløyve.
5. Før ferdigattest etter § 21-10 i PBL, må kommunen ha motteke gjennomføringsplan som viser at kontroll er utført. Det må rekvirerast ferdigattest.
6. Saman med søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, må ansvarleg søkjar senda inn underretning om tiltaket si plassering etter at bygget er kome opp. Rapportering skal skje ved innsending av innmålte koordinatverdiar.
7. Det skal i medhald av § 7-5 i TEK07 monterast brannsløkkereiskap i det planlagde bygget før det vert teke i bruk.

Sak 021/11 Gnr 16 bnr 3 Joao Pedro Cortinhas Cruz og Ingri Are - trekledning av kaiar –dispensasjon.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel og byggeforbodet i § 1-8 i plan- og bygningslova for å kle inn eksisterande kaiar med trekledning, slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at det er tale om eit reversibelt tiltak på eksisterande kaiar, og at tiltaket etter ei konkret og samla vurdering ikkje har vesentleg negative konsekvensar for dei tilhøve kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona er meint å ta vare på.

Det vert og vist til fylkesmannen si førehandsuttale.

Spørsmålet om bruk av området til næringsfremål, må vurderast i tilknytning til arbeidet med rullering av kommuneplanen.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket, kan endeleg byggeløyve handsamast administrativt på delegert fullmakt

Sak 024/11 Gnr 17 bnr 25 og 1 -Tor Inge Dale - rammesøknad for fritidsbustad og båtopptrekk – dispensasjon.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Forvaltningsstyret frå gjeldande reguleringsplan og godkjenner fritidsbustad med grunnflate 90m2 slik det er søkt om. Det er lagt vekt på at storleiken på fritidsbustaden ligg innafør dei generelle retningslinene til kommuneplanen, og det er ein føresetnad at dette vert fylgt opp under arbeidet.

Det vert og vist til fylkesmannen si førehandsuttale.

Det vert lagt til grunn at etablering av båtopptrekk ligg innafør det planen gjev rom for.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket, kan endeleg rammeløyve handsamast administrativt på delegert fullmakt

Det må ikkje utførast noko arbeid før byggeløyve ligg føre.

Sak 025/11 Søknad om frådelling av bustadtomt gnr. 9 bnr. 2 i Bokn.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret i Bokn gir i medhald av delegert myndighet samtykke til omdisponering og frådelling av inntil 1 dekar innmarksbeite frå gbnr 9/2, jf jordlova §§ 9 og 12, som omsøkt.

Sak 026/11 Gnr 9 bnr 2- Fridun Ognøy -søknad om frådelling av bustadtomt –dispensasjon.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel og gjev løyve til frådelling av ein parsell på ca 1,0 dekar til bustadfremål slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på omsynet til å halda oppe busetnaden i kommunen, og ut frå den lokale vurderinga av dei landbruksmessige konsekvensane finn forvaltningsstyret at frådellinga etter ei konkret og samla vurdering ikkje har vesentleg negative konsekvensar for dei tilhøve kommuneplanen er meint å ta vare på.

Det vert og vist til kommunen si landbruksfaglege vurdering.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket frå fylkesmannen eller fylkeskommunen, kan endeleg vedtak gjerast administrativt på delegert fullmakt.

Før frådelling kan skje, må tilhøvet til veglova vera avklara med States vegvesen.

Sak 027/11 GNR. 11 BNR. 34 - Lars Kåre Sæbø - søknad om oppføring av nausthytte.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne godkjenne omsøkt nausthytte, då denne vert vurdert å vere i strid med den planen som vart vedteken i sak FV.35.98, jfr § 6 i reguleringsf-

resegnene for området og § 12-4 i plan- og bygningslova.. Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne dispensere frå plankravet, då fordelane ved å gje dispensasjon er ikkje er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jfr § 19-2 i plan- og bygningslova..

Sak 028/11 Tilsyn etter kapittel 25 i plan- og bygningslova.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret vedtar fylgjande strategi for tilsyn etter § 25-1 i plan- og bygningslova:

1. Målsettingar

Hovudføremålet med tilsynet er å:

- a) førebygge byggefeil
- b) sikre at plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner vert fylgde
- c) avdekke ulovlig byggearbeid eller bruk

2. Rutinar

Det skal føretakast stikkprøvekontrollar av alle type byggverk, basert på enten:

- a) kontroll av dokumentasjon
- b) kontroll av utføring av arbeidet på byggeplass
- c) ein kombinasjon av a) og b).

Det vert føreset at eit dagsverk pr. måned skal setjast av til tilsynsarbeid.

Organisering

Arbeidet vert utført med eigne tilsette, men det vert teke sikte på å arbeide mot etablering av eit interkommunalt tilsyn.

Utval og prioritering av sakstypar, tema, fagområde

Det skal lagast ein årleg plan for prioritering av sakstypar, tema og fagområde som tilsynet skal omfatte det einskilde året.

Planen skal leggjast fram for Forvaltningsstyret i det fyrste møtet kvart år saman med ein rapport for utført tilsyn i det førre året.

Sak 029/11 Tildeling av hjortekvoter 2011.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Antal kalvar skal reduserast med ein i alle vald, bortsett frå Viervik som ikkje har kalv, til saman 6 kalvar. Reduksjonen kjem i tillegg til reduksjon på ein kalv i alle vald, som låg i forslaget frå administrasjonen. Samstundes aukar ein antal koller med ei i alle vald, bortsett frå Viervik, i alt 6 koller. Ein rår til at auka avskyting av koller blir teke ut i gruppa kolle 1,5 år.

Sak 030/11 Søre Sunnlandsstraumen hyttefelt – del av gnr. 19 bnr. 1 – forslag til reguleringsplan for fritidsbebyggelse.

Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret anbefalar for kommunestyret at forslag til reguleringsplan for Søre Sunnlandsstrumen –Del av gnr.19 bnr.1 godkjennes slik det framgår av plankart datert 16.09.2008,sist revidert 08.11.2010 angående økt areal til fritidsbebyggelse samt tilhørende bestemmelser av samme

dato,sist revidert 22.02.2010 med følgende endringar av bestemmelsene (mrk. rødt og understreket)

- Pkt 1.1.2: For hver hytte kan det tillates oppføring av terrasse på 20kvm. For tomtene H10,H7,H5, H3, H2 og H1 skal terrasser ligge i flukt med terrenget.
- Ved prosjektering av hytte på tomt12,6 og 7 skal det legges spesiell vekt på terrengetilpasning. Møne høyde for hytte på tomt 12,6 og 7 skal ikke overstige 4,5m målt fra golvnivå. Siste setning skal utgå.
- Pkt.1.1.3: Følgende tillegg: Bygning på gnr.19 bnr.15 kan omdisponeres til bolig.
- Pkt. 1.1.4: Eksisterende festetomter tillates fradelt med areal på 1.0da selvom tomtearealet overstiger areal regulert til fritidsbolig.
- Hytte nr.11 flyttes 3m lenger øst (6m i forhold til opprinnelig forslag)
- Pkt 2.1: Følgende tillegg: Innefor friluftsområde er et tillatt å drifte eksisterende hager.
- Pkt.4.4.Endres til: "Tiltak i sjø skal godkjennes av Karmsund havnevesen IKS etter Havne og far vannsloven på vanlig måte."
- Registrerte steinalderboplasser på gnr.19 bnr.15 legges inn på plankartet som Spesialområde bevaring.

Kommunestyremøte 14. juni

Sak 010/11 Budsjettkontroll 2011 - 1. kvartal.

Kommunestyret vedtok:
Orienteringa blei tatt til etterretning.

Sak 011/11 Rekneskap for 2010.

Kommunestyret vedtok:
rekneskapet vert godkjent.
Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 2.891.456,71 vert sett av til disposisjonsfond

Sak 012/11 Årsmelding 2010.

Kommunestyret sitt vedtak:
Årsmeldinga blei tatt til etterretning.

Sak 013/11 Kontrollutvalet si årsmelding for 2010.

Kommunestyret vedtok:
Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedtatt

Sak 014/11 Reglement for Bokn kontrollutval.

Kommunestyret vedtok:
Vedlagte reglement for kontrollutvalet blei vedtatt det låg føre.

Sak 015/11 Næringsplan for Bokn kommune.

Kommunestyret sitt vedtak:
det framlagte forslaget til næringsplan for Bokn i perioden 2011-2014 blei vedtatt.

Sak 016/11 Generelle retningslinjer for naust.

Kommunestyret vedtok med 111 mot 3 røyster :
Kommunestyret vil be forvaltningsstyret utarbeide eit samla forslag til generelle retningslinjer for naust som ein del av kommuneplanen.

Sak 019/11 Lærlingeplasser i Bokn kommune.

Kommunestyret sitt vedtak:
Bokn kommune opprettar 2 læreplassar i kommunen frå og med hausten 2011. Kostnaden for inneverande år; kr. 90.000,- vert deka av reservert løyving.
Læreplassane vert deretter lagt inn i ordinært budsjett for åra som kjem.
Administrasjonen får fullmakt til å bestemme kva fag ein vil ta inn lærlingar i.

Forvaltningsstyremøte 21. juli

Sak 031/11 **Sommarfullmakt 2011.**

Forvaltningsstyret sitt vedtak:
Forvaltningsstyret gjev rådmannen fullmakt til å avgjere sak 11/153, 11/310 og 11/311.

I tillegg får rådmannen fullmakt til å avgjere andre saker etter jord- og konsesjonslova samt plan og bygningslova for sommaren 2011, der det vil vere av stor føremon å få snarlig avgjerd for å sette i verk tiltak.

Klagesaker skal avgjerast av forvaltningsstyret.

Sak 032/11 **Gnr 9 bnr 2 -Fridun Ognøy -frådeling av bustad- tomt -klage på dispensasjonsvedtak.**

Forvaltningsstyret sitt vedtak:
Forvaltningsstyret finn ikkje at klage dagsett 05.07.2011 frå fylkesmannen i Rogaland inneheld opplysingar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 026/11.
Forvaltningsstyret held derfor fast på vedtaket i sak 026/11.
Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

Friluftsliv

Næringsliv

Friluftsdagen 28. august

Svein Ove Alvestad

Det blei ein frisk og kjekk dag med variert program for dei 100 som deltok.

Som vanleg hadde me postar for store og små på turstien. Men på grunn av mykje vind måtte me flytta posten i Boknbergsvatnet til Føresvik. Her kunne ein prøve kanoane til speidaren og Røde Kors hadde litt førstehjelp.

Soknerådet hadde open kyrkje, kor mange var innom og tende eit lys, eller hadde ei rolig stund til ettertanke.

Som vanleg hadde idrettslaget servering av lapskaus og pølsar på idrettshuset, som dei fleste nytta seg av og i tillegg fekk ein god drøs.

På grunn av veret flytta me Boccia- turneringa og mosjonen med Friskis og Svettis inn i gymsalen.

Etter kyndig veiledning av Sigurd Jonny Svendsen og Anne Askeland var me ein gjeng som prøvde oss. Sjølv om konkurranseinstinktet våkna fort, var det eit svært sosialt spel.



Fleire instruktørar i Friskis og Svettis geleida oss gjennom eit variert program, også for ungene og dei av oss som ikkje er i topp form.

Fleire instruktørar i Friskis og Svettis geleida oss gjennom eit variert program, også for ungene og dei av oss som ikkje er i topp form.

På vegne av KFUK/KFUF-Speidaren, Røde Kors, Bokn Idrettslag og Friskis og Svettis takkar eg alle som deltok og ønsker endå fleire velkommen til friluftsdagen neste år.

Bokn Taxi frå 3. okt.

Jardar Havikbotn

Måndag 3. oktober vil Kjetil Dagsland køyra ut frå Føresvikvegen 22 (gamle banken) med den nye bilen til Bokn Taxi.

Tlf. er 52 777 682

Bilen, med plass til åtte personar, blir disponibel alle dagar, 24 timar i døgn.



Kjetil Dagsland med bilen til Bokn Taxi

Foto: Helga Marie Dagsland

Kyrkjevalet 2011

Også denne gongen er kyrkjevalet saman med eit offentleg val – denne gongen kommunevalet.

Valet vil gå føre seg på Boknatun i same opningstid som for kommunevalet.

Me håpar at alle medlemmer av den norske kyrkja vil nytta seg av røystretten sin, både til soknerådsvil og val på leke medlemmer i bispedømmerådet.

Alle medlemmer skal ha fått tilsendt valkort der dei lokale kandidatane er oppførte og det er gjort greie for korleis ein skal røysta. Me gjer merksam på at dei listene som ligg i valkortet ikkje kan nyttast når du stemmer, men kan godt nyttast som ein "kladd" til dei endringane du vil gjere.

- 1. RANDI SYVERSEN ARE, 53 år, LODAVEGEN, BOKN,
- 2. EIVIND ØVREBØ, 64 år, KROVEGEN, BOKN,
- 3. ANNE TOVE ØVREBØ, 35 år, HAVNAVEGEN, BOKN,
- 4. FINN REIDAR ALVESTAD, 65 år, ALVESTADKROKEN, BOKN,
- 5. SIGRUNN HOLE HOSAAS, 57 år, FYRVEGEN, BOKN,
- 6. HARRY LEONARD VÅGSHAUG, 57 år, FØRESVIKVEGEN, BOKN,
- 7. INGVILD HÅLAND, 48 år, KROVEGEN, BOKN,
- 8. EINAR OLAF GULBRANDSEN, 81 år, HAVNAVEGEN, BOKN,
- 9. RAGNHILD TROSNAVÅG, 39 år, ALVESTADKROKEN, BOKN,
- 10. JAN KÅRE ARE, 52 år, ARSVEGEN, BOKN,
- 11. HEIDI AKSDAL, 50 år, FYRVEGEN, BOKN,
- 12. SONJA JOFRID MIKKELSEN, 42 år, KYRKJEBAKKEN, BOKN,

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Kandidatane på lista er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Du kan levera røystesetelen utan endringar.

Vil du endra på røystesetelen, kan du:

- Gje kandidaten ei tilleggsrøyst ved å setja eit kryss i ruta til venstre for namnet på kandidaten.

Kandidaten får då to røyster.

- Føya til namn på vallista éin gong. Desse kandidatane kan ikkje gjevast tilleggsrøyst, og får såleis éi røyst.

- Stryka kandidatar på vallista ved å setja ein strek over namnet.

Kandidaten får då inga røyst.

Andre kandidatar får éi røyst kvar ved oppteljinga.

Andre endringar vil ikkje telja med i valoppgeret.

Bruk blå/svart penn eller blyant.

Maritim børste

Jardar Havikbotn

Roy Olsen har funne opp ein maritim børste som gjer båtskroget reint frå flytebrygga.

Produkta, to kostar og eit skaft i tre delar, blir selde på internett. 15. august opna nettbutikken rophs.no, og 18. august kom annonsen deira på finn.no. Der skal han ligga i eit år framover.

Det heile er enkelt og genialt; lufta inni kosten og oppdrifta i vatnet gjer at kosten syg seg inntil skroget under bruk. Skrapa på eine sida av børsten sørger for at ein får med seg alt av rur og groe. Produktet er utan motoriske delar, lett i vekt og enkelt å ta med seg.

Klargjeringa og pakkinga foregår hjå Roy Olsen og Annette Bokneberg i Havnavegen 42. Roy snakkar om å få seg tomt på Knarholmen industriområde til verksemda.

- Dette krev sin plass og eignar seg ikkje i eit privathus, seier gründeren, som har fått veldig positive signal frå dei som har prøvd produkta, spesielt frå seilbåt miljøet.

Miljøgevinst

Seilarar kan nemleg få mindre friksjon og høgare fart etter reingjeringa, som er unnagjort på ein god halvtime. Redusert bruk av bunnstoff, samt raskare gange med redusert forbruk av drivstoff, sparar miljøet for utslipp.

- Eg gjorde reint begge sidene på båten min (37 fot) på 40 minutt, og då ytte båten tre knop meir på same turtal etterpå, fortel 52 åringen, som fekk idéen om å skapa noko sjølv då han, for omlag fem år sidan, hadde sett seg lei på slim og grønske på båten og ikkje fekk tak i noko godt middel mot dette. Inger K. Haavik i Haugaland Vekst syntest idéen var god, og Roy er glad ho sparka han i gong med prosessen.

Optimisme

Produktet Maritim børste er retta mot lystbåtar, seilbåtar, fiskefartøy i plast, tre eller stål med ei breidd på inntil 5 meter. Roy og Annette er optimistiske med tanke på omsetjinga. Sistnemnde står bak nettsida, og kan allerede melde om god respons, sjølv om båtseongen nå går mot slutten.

Nettsida er berre på norsk, i alle fall førebels. Eg får opplyst at dei ikkje vil selja enkle børstesett til utlandet. Det er mannen bak dei tre siste bokstavane i rophs, Per Helge Sunde, som vil stå for sal i utlandet. Dette vil i første rekke retta seg mot store båtutstyrsforretningar.

Det er 165.000 registrerte lystbåtar i Noreg. Ingen av desse slepp unna rur og groe, og med tanke på at det ikkje finst tilsvarende produkt på markedet, skulle ein tru at lageret på 10.000 produkt skulle minka ganske fort. - Dei fleste sørger for åt båten skal vera fin oppe, men så gløymer dei det som ligg under vatnet. Båten bør gjerast rein ein gong i månaden, spesielt om sommaren, kjem det frå idéskaparen.

Roy fortel at det har vore ei lang reise mot ferdig produkt, med enormt mange arbeidstimar, og det er investert godt over millionen. Jørn Inge Løvik frå Vestnes utafor Molde, har ferdigutvikla designet på kosten. Det er også her dei produserer han. Prosjektet har også mottatt støtte frå Innovasjon Norge og Næringsfondet i Bokn. Den kreative mannen synest det er spennande å prøva og få til noko, og smiler lurt då eg spør om det kjem fleire produkt.

- Eg tenker på to, tre nye ting, men det har ikkje med båt å gjera. Det eine har med magnetisme å gjera, avsluttar oppfinnaren i Havnavegen.

Bokn Bygdablad ynskjer lukke til med verksemda!



Bilde

- 1: Den eine stonga blir bøygd for at ho skal følge skroget. Aluminiumsskafta og dei små kostane blir produserte i Kina.
- 2: I påska i år var Roy i Kina og blei lært opp med maskinen som monterer bustane i kosten.
- 3: Annette følger med når Roy lagar til ein ny pakke, til ære for fotografen. Kosten er montert og klar til bruk.
- 4: Børsten følger skroget pga. lufta inni han og oppdrifta i vatnet. Kosten er utstyrt med ein ventil i tilfelle det kjem inn vatn.
- 5: Det lange skaftet gjer at ein kjem til under båten.
- 6: Den vesle kosten kan også brukast på dekk og på vindauga om ein vil det.

Bunndata as

Jardar Havikbotn


Boknafirmaet *Bunndata AS*, med adresse Ognøyveien 52 - og som leiger tenester hos *Ognøysjefen*, hadde stand på verdens største havbruksmesse i Trondheim 16.-19. august, Aqua Nor 2011.

Salssjef Bjørn Egil Yrkje seier til Bokn Bygdablad at dei har opplevd enorm interesse og er strålende fornøgd med rundt 500 besøk på standen. Dei fekk merksemd frå forskarar, biologar, direktorat, forvaltningsetatar og andre som driv innafør havbruk frå mange nasjonar. M.a. fekk ministrarar frå Brasil vist korleis ein kan sjå eksakt type botn på Ecomap.

Unikt produkt

Bunndata si verksemd er innan topografisk kartlegging, og dei har eit unikt produkt, eit hydroakustisk kartleggingssystem som kan bestemma kva for ein type botn ein kartlegg (sand, grus, skjellsand, tare, fjell, osv).

- Messa hadde 17.500 besøkande, 460 utstillarar og 61 land har vore gjester eller utstillarar, og på trass av dette hadde me så unikt produkt at me klar- te å fanga oppmerksomheten, avsluttar ein glad salssjef.



Stig Ove Harbak viser Ministry of fisheries and aquaculture in Brazil, korleis ein kan sjå eksakt type botn på Ecomap.

Foto: Bjørn Egil Yrkje


Firmaet fekk omtale i *Newsletter Aqua Nor*. Det er Stig Ove Harbak (t.v.) og Erik Eikje som er på bildet.

Du kan lesa meir om *Bunndata* på www.bunndata.no eller www.facebook.com/pages/bunndata-as/224825497528307



Store planar i Knarholmen

Jardar Havikbotn



Bokn Bygdablad har fått tilgang på ei 3D-skisse frå nokre av planane til *Gunnar Hop* på Knarholmen Industriområde.

Det har ikkje lukkast å få tak i Gunnar Hop

før dette bladet gjekk i trykken, men Bygdabladet har grunn til å tru at verksemda dreier seg om vedlikehald, reparasjonar, sal, vinterlagring av fritidsbåtar, sjarkar, osv.

Den eine hallen får namnet Bokn Maritime

Senter og vil innehalda båtbutikk og verkstad. Grunnarbeidet til denne hallen er kome i gong.

Bokn Bygdablad vil koma tilbake til denne verksemda.

Marknadsdag i medvind

Kyrre Lindanger

- I år blir det meir av alt, slo Tor Harald Alvestad fast før årets Marknadsdag 16. juli. På formiddagen velsigna då også ei strålende sol arrangementet.

Det var femte året på rad at Marknadsdagen blei arrangert på Holmen i Førevik. Som seg hør og bør låg "Vigjå" bada i sol, avgjerande for eit vellukka arrangement. I år var det fleire karusellar, buer og utsal enn nokon gong. Aldri har det vore så mange besøkande, det yra av boknarar og utanbygds gjester. Særleg gjorde tysvær-målet seg gjeldande.

Større marknadsområde

Gjestehamna var fylt opp av fritidsbåtar og marknadsområdet var utvida heilt til fyrlykta. Og sør for det gamle postkontoret fryda eit lite tivoli dei yngste blant oss. Det var fleire aktorar enn nokon gong. Eliasbåten tøffa rundt med dei minste barna i hamnebassenget i Føresvik, drop-in-frisøren i det gamle handelslaget var godt besøkt gjennom heile dagen og gamle båtmotorar dunka meir eller mindre taktfast ute ved ferjeleiet.

Pluggen Motorklubb briljerte med oppvising i balansekunst og dagleg leiar i Coop Bokn, Tor Harald Alvestad, lodda ut ulike sponsa gåveartiklar til alle som hadde sikra seg lodd. Fiskesuppe, vafflar, kaffi og annan mat før til høls i dei ulike kafételta utover heile ettermiddagen.

Gigantballar, mosjonsløp og ansiktsmaling

Eit anna populært innslag var vatnsportaktivitetane i egne basseng ved gjestehamna. Ungdommane fekk sett balansen på prøve inne i gigantballar som rulla rundt i vatnet. Også bua med ansiktsmaling hadde stor pågang. Mange telt og utsalsstader var sette opp og vareutvalet varierte frå kremar og kosmetikk til smykke, snop og heliumsfylte ballongar. Her var det noko for ein kvar smak og vel så det.

Som før stilte HelikopterDrift frå Stavanger opp med helikopter for dei som ynskte å kjøpa seg nokre minuttar i luftig svev over boknabygdene. Selskapet stilte i år ein større maskin til disposisjon, slik at kapasiteten auka noko i forhold til tidlegare år.

Nytt av året var mosjonsløpet til Boknafjellet, som gjekk av stabelen i 16-tida. Start og målgang var plassert ved fyrlykta i indre hamn. 66 del-



Det yra av boknarar og utanbygds gjester.

takarar fekk kjenne på mjølkesyra i strevet etter å løpa til topps av Boknafjellet. Boknapatrioten Birger Lindanger var speaker og sette lystige ord

fredag 15. juli med Radio 102 sitt direkte sendte Sommarshow frå Føresvik. Det meste av buer, karusellar og ulike aktivitetar var alt på plass denne



Ungdommane fekk sett balansen på prøve inne i gigantballar som rulla rundt i vatnet..

på evenementet. Marknadsdagen blei runda av med utedans. Også her var det rekordstort oppmøte med omlag 350 del-takarar.

Mot festival?

Årets Marknadsdag starta eigentleg

dagen, og fram møtet var jamvel denne dagen framifrå.

Mon ikkje arrangementet er i ferd med å ta steget opp i festivalklassen. Kanskje kan det vera eit utfordrande utgangspunkt for planlegginga av neste års arrangement?

Gratulerer!

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Deborah Ognøy 9 år, 5. juli

Kjære Deborah, vi ønsker deg en fantastisk fin 9 års dag. Vi er veldig glad i deg.

Stor klem fra Lydia, Joshua, Mamma og Pappa :-)



Susanne Pyramidia Grønnestad, 13. juli

Vi vil gratulere vår kjære Susanne Pyramidia med dagen den 13. de juli. Håper du får en flott dag, glad i deg!

Klemmer fra family'n



Tore Taraldlien 61 år, 18. juli

Gratulere med dagen! Glad i deg, far.

Hilsen familien



Tore Taraldlien 61 år, 18. juli

Vi ønsker å gratulere far med 61 års dagen, 18. juli. Masse glad i deg, far!

Hilsen Ronny, Elisabet, Irmelin og Sunniva



Joshua Ognøy 6 år 18. juli

Kjære Joshua vi gratulerer deg masse til 6 års dagen. Nå er du stor og snart skolegutt! Vi er veldig glad i deg.

Stor klem fra Lydia, Deborah, mamma og pappa :-)



Sigbjørn Ørjansen 50 år, 19. juli

Gratulerer til vår kjære nabo og venn, Sigbjørn på 50 års dagen. Vi ønsker deg en flott dag. Gleder oss til feiringen.

Hilsen Kari, Håvard og "onkelungane"



Ruben Våga 15 år, 23. juli

Hipp hurra for Ruben som blir 15 år lørdag 23. juli, gratulerer!

Hilsen fra Preben, Jone, Amalie, mamma og pappa



Regine Eidesvik 1 år, 23. juli

Me vil gratulera den herligaste jentå me dagen!
Masse gla i deg!

Stor klem frå mormor og besten, og tante Vibeke :)



Regine Eidesvik 1 år, 23. juli

Me vil gratulera gojentå vår med 1 års dagen som var 23. juli.
Masse gla i deg!

Klem frå Simon, mamma og pappa



Albert Lindanger 5 år, 28. juli

Me vil gratulera Albert med fem års-dagen 28. juli

Mange klemmar frå Hermine, mamma og pappa



Sondre Norekvål 6 år, 3. august

Me vil gratulera Sondre med 6 års dagen.

Klem fra mor og far



Irene Aase 30 år, 7. august

Me vil så gjerna få gratulera vår kjære datter med 30 års dagen som var den 7 august.
Kjempeglad i deg!

Stor klem fra mamma og pappa



Bjørn Ove Jøsang 13 år, 11. august

Me vil gratulera Bjørn Ove så masse med 13 års dagen.
Håpe du får ein kjempeflotte dag.

Stor klem fra Annelin, mamma & pappa



Harald Kristian Bjordal 29 år, 12. august

Vår tøffe, sterke storebror og sønn gratuleres hjertelig med dagen.

Hilsen Karen, Gabriel, Ingrid, mamma og far

Gratulerer!



**Amalie Nilsen 13 år, 29. mai
Regine Nilsen 16 år, 12. august**

Gratulerer med forsinka dag til Amalie, og gratulerer med dagen og moped-lappen til Regine!

Klem fra mamma og pappa



Andreas og Kristian Hatlem 9 år, 25. august

Gratulerer så masse med dagen.

Hilsen lillebror Tobias, mamma og pappa



Simon Eidesvik 5 år, 18. august

Me vil gratulera vår kjære Simon med 5 års dagen. Masse gla i deg.

Klem frå mormor og besten, og tante Vibeke :)



Maria Nilssen, 16 år 30. august

Me gratulerer deg så masse med 16 års-dagen.

Klem frå mamma, pappa og Erik



Kornelius Aarvik Borgenvik 1 år, 2. september

Me vil gratulera gogutten vår med dagen.

Hilsen farmor, farfar, tante Vibeke, tante Elin, onkel Lauritz, Simon og Regine



Noah Hesthammer 3 år, 5. september

Gratulere med 3 års dagen!

Klem fra mormor og besten

Bokn Bygdablاد for 20 år sidan

FRÅ NR. 5 1991

KONGEN OG KRONPRINSEN HELSA PÅ ALLE OVER 80 I BOKN

Det var ein historisk dag onsdag den 26. juni 1991 då Kong Harald V og Kronprins Haakon kom til Bokn.

Ved besøket på Boknatun var kongefylgjet til stades på Allrommet kor det var eit kort program med orientering om kommunen av ordførar Leif Vatnaland, sang av Oddrun Håland akkompagnert av Venevil Birkelund. Vidare var det servert eple-sider og kransekake som var baka av Julianne Våga. Det var fint pynta med blomster i regi av Hagelaget. Randi Are hadde laga oppsatsane.

Ved ankomst Boknatun hadde ordføraren i Bokn fylgt Konge og Kronprins i deira bil frå Aksdal. På grunn av forsinka avreise frå Haugesund, var kortesjen med kongefylgjet ca. 8 minutt seinare enn planlagt ved Boknatun. I Bokn vart dei kongelege tekne i mot av formanskap, rådmann og

helse- og sosialsjef ved inngangen, og av soknepresten i lag med eldre over 80 år inne i Allrommet. Her stoppa Kongen ei stund med krigsseilaren Berge Lygre, og spurde interessert etter kor han hadde seila under krigen.

Gjennomføringa av programmet gjekk svært fint og det vart ei høgtidssam og fin stund.

"Vestland, Vestland" lydde nydeleg inne i Allrommet, og vart vakkert framført.

Etterpå gjekk kongefylgjet inn i Bokn sjukestove og helsa på alle som var der.

Deretter bar det utover til Arsvågen.

Dagen vil nok bli hugsa av alle dei eldre. Det er ikkje kvar dag slikt skjer i Bokn.

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Ingen av uttrykka denne gongen var spesielt vanskelege skal me døma etter svara. Likevel var det bare Dagsenteret som hadde alt rett. Sju-kastova har såleis fått skarp konkurranse. Likevel er her nyansar som det gjeld å vera vaken for. Eit slikt uttrykk er "nasafisje" som ikkje tyder ringt fiske, men eit fiske der ein får bra i fyrste omgang, men ikkje meir sidan. Ein blir så og seia teken ved nasen.

Så forklaringa til dei førre uttrykka:

- | | |
|-------------------------|---|
| 1. skøyden | uforsiktig |
| 2. stupta sterta | stupa kråke |
| 3. ein håling | flink fyr |
| 4. i kjømdå | straks ventande |
| 5. ein kvedel | eit ullteppe |
| 6. nasafisje | bra med fisk med det same, men sidan ikkje meir |
| 7. oppårende | mangla noko når ein treng det |
| 8. ein prylert | ein lang, tynn gut/mann |
| 9. sjossen | uvøren |
| 10. eit tele | tregolv |

Resultatlista denne gongen var då fylgjande:

Dagsenteret	Ti av ti
Andor Borgenvik	Ni av ti
Oddbjørg Bokneberg Øye	Ni av ti

Som me ser, er dei gamle eldst og drog av stad med full pott denne gongen. Men kjenner me dei unge rett, kjem dei frykteleg tilbake.

Om det ikkje blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila.

Det er det samla resultatet som tel.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 10. august**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. ein kvednaknaur
2. ei påbretla
3. eit staffidl
4. vågsmad
5. å vera lagabrende
6. eit snotthodn
7. å vera tioge
8. dillene
9. ei hegla
10. ei mokstreloga

Teikning: BL



Var "Kvednaknaur" det boknske sleng-uttrykket for den tyske offiserstittelen "Der Kveknarrführer". Her Oberkverknarrführer Vielgeschrei i aksjon på Loden.

Fra barnemunn:

Øynene er de to viktigste kjertlene man har. Hvis man forstuer øynene, må man gå til en optiker for å briljere seg.

Hjernen svømmer omkring inni hodet

Egentlig er hjernen et kålhode.

Hvis du går en tur og hjernen faller ut, så finner vi ikke veien hjem for da kan

vi ikke tenke klart lenger.

Sjelen ligner en plastpose. Den er tynn og gjennomsiktig og tar ca 4 liter.

Kroppspråk er når man promper.

Faren min kan ikke få flere barn, han, for han har vært hos nøtteknekkeren.

Noen menn har hår på ryggen. Særlig forbrytere og badevakter.

Damer har kurver mens menn har stresskoffert.

Nesa beveger seg i alle retninger som en radar, til den har funnet ut hvor stanken kommer fra. Da roer den seg ned.

En melkeskvett er når man melker seg selv uten å merke det, og så....skvetter man.

Kilde: Internett

Kulturkalenderen

September

- 11. NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00
- 12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 13. Forvaltningsstyremøte kl. 19.30
- 16. Kino i Auditoriet
- 18. Gudsteneste kl. 11.00
- 18. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 20. Kommunestyremøte kl. 19.00
- 23. Bedehusbasaren kl. 19.00
- 24. Bokn KFUK/KFUM-speidarar: Kampen om Vikingskipet
- 26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 28. Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 29. Bokn Pensjonistforening og Bokn senior/brukarråd arr. eldrefest i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**
- 29. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 30. Kino i Auditoriet

Oktober

- 02. Gudsteneste kl. 11.00, Hausttakkefest
- 02. Familiespeiding på Vardafjellet. Oppmøte: Catharina og Harald Øvrebø**
- 05. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon, bedehuset kl. 19.00
- 06. Møte i Bokn senior/brukarråd kl. 18.00
- 09. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
- 10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste kl. 11.00
- 20. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
- 22. Auksjon kl. 11.00, arr. Bokn musikkorps
- 23. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00
- 24. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 26. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 27. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**
- 28. Kino i Auditoriet
- 30. Familiespeiding i Loden, hummarfiske. Oppmøte: kai ved Svein Ove**

November

- 04. Kulturkveld på bedehuset kl. 19.00
- 06. Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag
- 06. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30**
- 07. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste kl. 15.00, Fireårsbok
- 13. Bingo kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps
- 17. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 19. NMS har misjonsmesse på Soknahuset i Tysværvåg

GYMSAL, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball G13	16.30 - 17.45	Grethe Alvestad
	Bokn skulekorps	17.45 - 20.00	Lillian Grønnestad
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Barnetrim	16.30 - 17.30	Catharina Øvrebø
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett	16.15 - 17.00	Svein O. Alvestad
	Fotball G9	17.00 - 18.00	Grethe Alvestad
	Fotball G11	18.00 - 19.30	Grethe Alvestad
Tor	Fotball 8 år	17.00 - 18.00	Erik Våga
	Fotball J10	18.00 - 19.00	Sonja Mikkelsen
	Friskis & Svettis	19.00 - 20.00	Anne L. Faye
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Trond Vatnaland

Endringar og nye arr. er **utheva.**

- kl. 11.00
- 20. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00
- 21. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 24. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**
- 25. Kino i Auditoriet
- 27. Gudsteneste kl. 18.00, Lysmesse/speidarane

Desember

- 06. Grautfest på skulen kl. 18.00 for heile speidaren
- 08. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Gudsteneste kl. 11.00
- 11. Luciafest kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps
- 18. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00 - arr. Sundags-skulen og familiespeidaren
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00 - arr. Bedehusstyret og frelsesarmeen
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Andel av Gnr 22, bnr 4 er overdradd fra Kirsten Marie Eskeland til Sverre Eskeland

(16.06.2011)

Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 22, bnr 5

Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 22, bnr 6

Andel av Gnr 22, bnr 4 er solgt for kr 225.000 fra Haldis Lillian Thu, Sølvi Karin Vedø Dam og Sverre Eskeland til Monica Vedø Tjessem, Henning Vedø og Charlotte Vedø Saunders

(16.06.2011)

Salget omfatter også andel av Gnr 22, bnr 5

Salget omfatter også andel av Gnr 22, bnr 6

Andel av Kyrkjebakken 37 (Gnr 10, bnr 22) er solgt for kr 525.000 fra Jan Egil Ørke til Alise Ur

(30.06.2011)

Salget omfatter også Gnr 10, bnr 25

Gnr 3, bnr 54 er overdradd fra Rune Øvrebø til Arne Øvrebø

(12.07.2011)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 8 er solgt for kr 832.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Jan Åge Matland og May Elin Østhus

(18.07.2011)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 4 er solgt for kr 950.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Egil Lampe

(18.07.2011)

Leirgrovvegen 20 (Gnr 9, bnr 80) er solgt for kr 1.890.000 fra Marcin Wiktor Damian og Joanna Damian til Audun Høie og Merete Ognøy Høyland

(21.07.2011)

Kjelde: Statens kartverk

Olav i Olasjøen

Birger Lindanger

Bokn-Hundvåg og retur

- Ja, nå er det er komen ein ny Ola i Olasjøen, hørde eg her ein dag. Olasjøen er namnet på støa innafør Svartaskjeret og eit par hundre meter sør for Øyren, må vita. På sjøhusloftet der i støa har Olav og Else Øvrebø innreidd sin trivelege heim, her vil me bu så lenge me lever, let dei om. Ikkje bare det. Den eine dottera bur i den tidlegare lærarbustaden medan den andre har teke over huset etter beste- og oldeforeldra, begge bare fem minuttar ovanom foreldra. Ein treng ikkje gå fort ein gong. Alle kjem dei frå Hundvåg i byen der sør. Eg tok meg ein tur nedom i solveggen til Olav og Else og fekk historia.

I 22. november 1929 rasa ein overhendig orkan over Bokn og grusa mellom anna den nye brygga og sjøhuset til Ola Bjørnsen i Nerabøtre. Men Ola hadde anna å tenka på. Midt i stormen sutra ein spinkel barnestemme heime i



Olav i båtbyggerverkstaden som faren reiste på 1960-talet. Nå er tresnekka skifta ut med personbil.



Magda, mor til Olav, overtok under den andre verdenskrigen drifta av postkontoret etter faren. Olav har teke vare på noko av inventaret. Til venstre posthyllene: eit rom for kvar husstand, til høgre pengeskapet.

kammerset hans. Der sette Magda, dottera hans, til verda det fyrste barnbarnet hans: Olav Sigurd. Namnet var etter Ola – farfaren – og Sina – mormora. Sjøhuset og kaien blei gjenreist i forsterka stand straks etter.

På kryplemme i Kalvatre

Det nybakte foreldreparet Albert og Magda hadde nett flytta inn. Men her var trangt, og etter eit halvt års tid tok dei ta over huset farfar og farmor i Kalvatre under Haugen på Øvrabø. I det over hundre år gamle var gang, kammers, kjøkken og stova med kryplem over så lågt at jamvel små born laut krypa til køyene sine. Her låg dei tett, på det meste seks stykke.

- Her var mange born å leika med, men slitet starta i ung alder, let Olav

om. Mange vener fekk han og gildast var han Arne. I 1943, midt under krigen blei bestefar "der ute" alvorleg sjuk og skulle til Oslo. Det trongst assistanse i Nerabøtre. Bestefar døydde på Rikshospitalet, åleine og langt frå heimen. Det stusselegaste var at tyskarane på ukjend stad lempa kista hans av toget på heimvegen. Til sist kom ho til rette slik at dei kunne halda ei høveleg gravferd.

Fisk, post og lensmann

Levevegen var ikkje feit. Albert fiska og Magda tok over posten etter far sin. Postkontor var i det nordre kammerset og hit kom bygdefolket for å henta posten. Kontoret var ein viktig møteplass der folk som elles sjeldan såg kvarandre, kunne slå av ein drøs. Når Albert var heime, var det han som om

morgonane drog over til Førsvik for å henta posten. Den kom nordantil med Natrutra. Men når han var på fiske, var dette Olav si rolle. Elles var det jo også litt berging av det vesle jordstykket. Albert tok også over som kommissær for trygdeselskapet Gjensidige. Dessutan gav familien husrom når lensmannen var på sitt årvisse besøk på øya. Han åt og kvilde middag i bestastova og måtte ikkje forstyrrest. Borna blei då skyssa til naboar der dei fekk leika seg med venene sine. Slik sett var nazilensmannen under krigen hyggelegare og mindre kravstor.



Etter at Albert Øvrebø tok over som båtbyggjar, fekk han kjøpt nokre tvinger etter dei kjende båtbyggjarane i Gongstø. Her held Olav ei av dei.

Båtbyggarkunst frå Nordtveit

Straks krigen var slutt, fekk ei tante Olav i snikkarlære på Rosenberg verft. Men faren tykte det gjekk for mykje på "halvåtta" og henta Olav heim til Bokn. Her var han med på fiske vinteren 1946, men blei så send til eit skipsbyggeri i Nordtveit i Fusa.

- Dette representerte eit vegskilje for meg, fortel Olav. Her lærte handverket å bygga trebåtar. I to år budde tenåringen i Nordtveit og lærte båtbyggarkunsten frå grunnen. Og etter eit år i militæret vende han heim i 1949 og tok til å byggja trebåtar i stoa – den fyrste for Olav Høivik, minnest han. Verktøy tok han dels med seg frå Nordtveit, dels blei det kjøpt inn verktøy frå Gongstø der ein også eit par mannsaldrar hadde drive med båtbygging.

Med Else via Krogjen til Stavanger

Sidan budde Olav heime fram til i 1954. I denne perioden lærte han opp far sin slik at han kunne ta over denne verksemda då Olav gifta seg med Else Dagsland og flytta inn i lag med henne hjå Magne og Målfrid Trosnavåg i Krogjen. I denne tida fekk han arbeid i verkstaden hjå Oskar Dirdal i Føresvik.

Men så kom tida til å rista Bokns jord av føtene. Han fekk seg jobb på Hundvåg og i 1958 sette han og Else seg opp hus der på øya. Men heile tida lengta både han, Else og dei to døtrene dei med tida fekk, tilbake til Austre Bokn og Olasjøen.

Ringen slutta

Då kommunen i 1982 ville selja lærarbustaden, tok dei kontakt med Olav og Else Øvrebø. Olav var eldste sonen til Albert og Magda i Treet som Olasjøen låg under og tomta til lærarbustaden var ein gong skild frå Treet. Olav spela ballen over til eldstedottera Astrid som kjøpte bustaden og flytta hit med mann og born frå Stavanger.

Litt etter fekk Olav og Else ta over Nerabøtre etter foreldra hans. Sidan foreldra framleis budde i gamlehuset, tok paret fatt på å innreia på loftet i sjøhuset som Albert hadde sett opp rundt 20 år tidlegare. Og då Albert og Magda litt etter flytta til Hundvåg, flytta den yngste dottera til Olav, Elisabeth, inn. Nå flytta også Olav og Else fast inn i båtbyggerverkstaden.

- Det kjem aldri på tale å flytta her frå, seier Olav fast. Rett nok saknar eg arbeidskameratane frå forsvarrets anlegg på Ulsnes på Hundvåg. Men det er her me høyrer til! Så nå driv eg mest og slippar og reparerar båtar. Ringen er slutta.



Else og Olav i den trivelege heimen dei har laga seg på loftet til sjøhuset. Her vil me leva resten av livet, forsikrar dei.



Frå Olavssjøen. Til høgre sjøhuset Leif Aksdal sette opp midt på 1960-talet, i midten slippen og til høgre båtbyggeriet med husværet i 2. etasje. Her syslar Olav framleis med å reparera og å slippa båtar.



Å få brygga til å liggja, har vore ein evig kamp mot elementa. Ikkje før lødde dei ei ny brygge, så kom sydvesten og raserte heile greia. For å få brygga til å liggja, henta dei jamvel steinar frå det store kaianlegget i hamna nord på Nordre Vågaholmen.

Mosjonsløpet Boknafjellet opp

Gro Sørensen ······ Jardar Havikbotn

Totalt 66 deltakerar deltok i mosjonsløpet Boknafjellet opp 16. juli 2011. Løpet vart gjennomført i godt ver og storslått natur frå Føresvik, gjennom naturløypa, opp Boknafjellet og deretter nedover til målområdet i Føresvik.

Initiativtakerane er godt nøgde med gjennomføringa av løpet og kan opplysa at dei har fått fleire gode tilbakemeldingar om løypa og tilrettelegginga. Dei nyttar høvet til å få takka alle løparane og dei som var med i dugnadsjengen for eit godt avvikla løp, og ynskjer alle hjertelig velkomne til neste år.

Takk!

Initiativtakerane vil også få takka Coop Bokn, prosjektet "Kjekt på Bokn", Sparebank 1 SR-Bank, Bokn Plast, Amanda Gull, Change og AF-Gruppen for sponsorstøtte til premiar. Takk også til Tysvær kajakk-klubb for lån av tidtaksutstyr, Birger Lindanger for dugnadsjobben som "speaker", Bokn KFUM/KFUK-speidarar for dugnadsinnsats, Friskis og Svettis for oppvarming og alle andre i dugnadsgruppa for godt gjennomført innsats. Takk til alle som gjorde det mogleg å få til ein så flott gjennomføring av løpet.

Herreklassen blei vunne av Håkon Rossehaug på tida 00.35.37 og dameklassen blei vunne av Janne Vatnaland på tida 00.41.32

Bildene er frå albumet du finn på bokn.no Der finn du også resultatliste.



Foto: Marianne Sunde



Foto: Artur Trosnavåg



Foto: Marianne Sunde

Trond Vatnaland (bildet) var saman med dottera Janne Elin og kona May Jorunn initiativtakar til dette løpet, som han håpar blir ein tradisjon.

Jogging, volleyball og sykling

Trimentusiasten, ein av mange på Bokn, er ansvarleg for volleyball for vaksne i gymsalen kvar torsdag kl. 20.00. Nå vil han også prøve å samla flest muleg til **mosjonssykling**, og interesserte kan ta kontakt med han på tlf. **90 69 43 50** eller **t-vatnal@online.no**

Fitjar Halvmaraton

31. juli var han og dottera med i Fitjar Halvmaraton, og det gjekk veldig bra. Janne Elin vann dameklassen, for andre året på rad. Tida blei 1.35.04, noko som er over to min. betre enn ho sprang på i fjor.



Foto: Marianne Sunde

Far sjølv klarte målsettinga si om å springa under to timar. Han jogga i mål på 1.53.51. Det heldt til ein sterk

14. plass i herreklassen.

Me gratulerer med dei gode prestasjonane!

Flott andre plass

Jardar Havikbotn

Celina Bokneberg sprang inn til sølvmedalje på 10 km i Stavanger Marathon 27. august.

- Eg blei jo litt overraska, men det var ein ekstremt god følelse, fortel ho til Bokn Bygdablad. Det var nemleg 78 damer som deltok, og med tida 46:54 blei ho nest best - ein stor prestasjon av 17-åringen frå Bokn.

Ho var veldig fornøgd både med tida, løypa og arrangementet. Det var ingen andre boknarar med i løpet.

- Eg trur eg vil delta her fleire gonger, seier Celina, som sprang halvmaraton i Haugesund i mai i år. Joggeentusiasten sitt neste mål er å fullføra eit halvmaraton til dette året.



PÅ HOVUDSCENA, TORGET: Celina, med "Kjekt på Bokn T-skjorte, i prat med speaker. Foto: Marius Vervik, Rogalands Avis

Ny bok

Jardar Havikbotn

Kjetil Hamre er strålende fornøgd med si tredje bok, bildediktsamlinga "Svarthvitt med nyanser i grått", som kom første veka i august.

Bokn-diktaren uttrykkar lette over å ha kome i "stivperm-klubben", der han står og blar i ei 120 siders bok med 54 to-vers dikt, kvart med sitt bilde. Stive permar med maskinsydde sider, flotte bildetrykk og fin symmetri og design gjer at han kallar resultatet glitrande.

Det var lenge uklart om den nye publikasjonen skulle få tittelen "Fargerikt i svart-hvitt", men "Svarthvitt med nyanser i grått", som også var arbeidstitelen, gjekk av med sigeren.

Dagane etter at boka kom ut, selde kunstnaren bøker på Coop Marked Bokn. Då sikra 15 stk. seg signerte eksemplar av boka. Er du i Akrdal eller Haugesund, kan du kjøpa boka hjå Akrdal Bok og Papir eller Ark Amanda. Prisen er 248 kr.



Kjetil Hamre er svært nøgd med si nye bok.

Det blir også jobba med bokslepp på biblioteket seinare i haust.

Kjetil gler seg over at alle som har bladd i boka er fornøgd med resul-

tatet, sjølv om nokon nok kunne ønska seg fargar inne i boka.

Bokn Bygdablad gratulerer med ny bok!

Førarkortbeslag på E39

Jardar Havikbotn

Ein bilfører blei fotgjengar etter at han blei målt til 121 km/t i 80-sona sør for Knarholmskrysset.

Lovbrotet fann stad i samband med laserkontrollen som blei gjennomført i området 12. august. Sjøføren mista førarkortet på staden og blei meldt for forholdet.

I løpet av kontrollen, som blei gjennomført frå klokka 10.00 til 12.30, blei samtlege bilar som skulle til Arsvågen målt av UP sine mannskaper på staden. Utanom det eine førarkortbeslaget blei det skriva ut totalt 18 forenkla forelegg for fartsbrot.



Hvorfor må Bokn kommune være blant de dyreste kommunene i landet på de kommunale avgiftene?

I slutten av august kom regningen på de kommunale avgiftene for 1. halvår 2011. Den gav mange av oss litt av et sjokk.

De kommunale avgiftene hadde økt med 900,- kroner. Vi skal nå betale 12 444,- i året. Fordelt på årets måneder blir dette 1 037,-

Det sies at vi, i årene som kommer, kan forvente en ytterligere årlig økning på 10% på disse kommunale avgiftene. Prosentvis økning vil gi store utslag når beløpet i utgangspunktet er stort.

Vi spør oss selv hvorfor de kommunale avgiftene må være så mye større i Bokn kommune, enn i andre kommuner som det er naturlig å sammenligne seg med.

Til sammenligning har Rennesøy kommune kommunale avgifter på 5 518,- pr. år, som utgjør 460,- pr. måned. Karmøy kommune har 5 673,- pr. år i kommunale avgifter.

Betyr dette at vi i Bokn kommune får bedre service og tjenester enn det de gjør i f.eks. Rennesøy?

I disse valgtider er det betimelig å spørre seg om tjenestetilbudet står ifht til de høye avgiftene som hvert år kreves av innbyggerne.

Våre politikere har snakket varmt om å bistå de som har minst i kommunen, er dette måten å hjelpe disse på - med å øke de kommunale avgiftene?

Sola kommune er billigst i landet på kommunale avgifter med 4.676,- pr. år. Ordføreren i Sola kommune sier at du må ha gode

planer og en strategi som sier at du skal ligge lavt på avgiftene. Han avviser at de lave kommunale avgiftene skyldes mangel på investeringslyst eller manglende vedlikehold.

Bokn kommune vil gjerne ha flere innbyggere og reklamerer med billige tomter og flotte omgivelser.

Kan det være at de skremmer potensielle innbyggere med denne økningen i de kommunale avgiftene. Det nytter ikke bare med løfter om "gull og grønne skoger."

Studierektor ved BI, Dag Hveem sier at jo høyere skatter og avgifter kommunen har, jo mindre attraktive blir de å bo i!

Kanskje dette er noe politikerne i Bokn bør begynne tenke på!

Janet Hognaland

Hjelp deg selv til å lykkes

De smarteste forandringene en kan ta fatt på er de hvor en selv kan "ta roret". Du kan enkelt ta en "livskvalitet - sjekk" (for å finne ut om du trenger å gjøre noen forandringer) ved å spørre deg selv "har jeg et liv jeg elsker?" Det kan finnes mange svar på dette enkle spørsmålet og flere svar vil gjerne prøve å få et "godkjent" stempel for denne "sjekken". Jeg vil påstå at kun et svar passerer til godkjent og det er et klart "ja". Jeg vil ikke nøye meg med et "greit nok" liv, målet mitt er å ha et fantastisk liv!

For snart tre år siden deltok jeg på et genielt kurs ("The Lightning prosess") i London som fullstendig forandret retning for mitt liv. I en tiårs periode hadde jeg slitt med symptomer som hører under diagnosen "kronisk utmattelsessyndrom". Dette er en helsetilstand som gjør livet uoverkommelig, en klarer ikke lenger å fungere normalt verken i arbeids/studiesituasjon eller i relasjoner. Kroppen befinner seg i en kronisk stressstilstand som tapper for krefter.

Det var på dette kurset jeg forsto den innflytelsen jeg faktisk har til å kunne påvirke hjerne og kropp slik at jeg kan endre min egen tilstand. Dette kurset må ikke forveksles med et kurs i "positiv tenkning" eller "tankens kraft". Positive tanker er selvsagt viktig, men ikke alltid tilstrekkelig for å endre vår sinnstilstand og fysiske reaksjoner forårsaket av stresshormoner. Den gledelige nyheten er at det er mulig å komme seg helt ut av denne utmattelsestilstanden og andre tilstander i samme "gaten" (som fibromyalgi, "utbrenthet", depresjon og angst).


Når livet gjøres overkommelig og vår livsappetitt vender tilbake kan vi lettere også ta hånd om oss selv og ta ansvar for egen helse. Jeg så på et helseprogram på TV som på en god måte illustrerte dette med sammenheng mellom livsstil og livskvalitet gjennom et helt liv. Livet vårt illustrertes som en lyspære. Når vi er friske og har god livskvalitet lyser pæren på full styrke, når vi derimot er syke eller har ulike helseplager og livskvaliteten reduseres, svekkes lyset i lyspæren. Programlederen illustrerte sammenheng mellom livsstil og livskvalitet ved hjelp av statistikk. Han viste to "kurver" som skulle illustrere to menneskeliv, der den ene

hadde tatt hensyn til de faktorene som vi vet påvirker helsen vår og den andre ikke (kosthold, fysisk aktivitet, rusmidler og hvile/unngå langvarig stressstilstand).

Begge disse hadde nesten lik livslengde (ca 5 år lenger for den med sunn livsstil), den største forskjellen lå på *livskvalitet gjennom livet*. Der personen hadde levd usunt begynte lyspæra allerede i tredveåra å miste sin styrke og slik fortsatte det resten av livet. Dette illustrerte redusert livskvalitet (som skyldes ulike sykdommer eller helseplager personen levde med) i *over halvdel av livet*. Den andre personen som levde sunt, lyste pæra for full styrke nesten gjennom hele livet, kurven (som viste livskvalitet) gikk drastisk ned rett før døden inntraff.

Poenget er da å investere for å få flere **gode** år. I mitt liv "lyste lyspæra for fullt" frem til jeg var 19 år for deretter å svekkes på grunn av stressreaksjon/depresjon i møte med et destruktivt arbeidsmiljø. Fra jeg var 23 år svekkes "lyspæra" betydelig mer (tilstand: kronisk utmattelse). Jeg skulle gjerne visst det jeg vet i dag da jeg var 19, da hadde lyspæra skint for fullt igjen da jeg var 20. Forekomsten av kronisk utmattelse har økt kraftig de siste årene, og kanskje det mest bekymringsverdige er at flere og flere barn og unge også rammes. Og når vi vet at utmattelse er et resultat av stressede kropper vil det være særlig aktuelt med debatt omkring barn/ungdom og stress.

I mine notater fra "Ledelse i skolen" finner jeg overskriften fra en forelesning: "Hvordan blir livet en fest?" Tanken er så enkel som det at lærere som trives skaper en bedre skole. (Jeg vil tilføye: en mor som trives skaper et bedre hjem) Et trivelig arbeidsmiljø er helsefremmende, en takler problemer på en bedre måte og det er med på å lokke frem det beste i oss. Tilhører en ikke et arbeidsmiljø trenger en å ha eller finne et annet godt miljø å tilhøre). Tiltak for å fremme trivsel går bla ut på å øke mestringsevnen og finne ut hva som er "godt nok" (unngå perfeksjonistfellen).



Perfeksjonisme hindrer oss i å oppnå et liv vi elsker. I praksis vil dette si at vi trenger å fokusere på de positive forandringene en har oppnådd fremfor på hva som ikke har forandret seg. Så derfor kan jeg si at jeg er ikke kommet i mål med tanke på å ha det livet jeg ønsker for meg og ungene - men jeg gleder meg over de positive forandringene som har skjedd de siste årene. Situasjonen har faktisk endret seg fra "ikke godt nok" for ungene (og da var jeg ærlig og søkte hjelp) **til "godt nok"**.

Nå er jeg "velfungerende" sier saksbehandleren jeg hadde fra barnevernet (og vi er nå ute av "barnevernssystemet"). Jeg har gått fra å "mestre en unge om gangen" (som en barnevernspedagog som hjalp oss sa) - altså en situasjon som ikke var god nok for en tobarnsmor) - til i dag som jeg på en *god nok* måte mestrer min tilværelse som trebarnsmor. Mestrer vi tilværelsen unngår vi unødig stress og vi opplever å lykkes. Så nå gleder jeg meg over å befinne meg på "greit nok" nivå på livskvalitet - for jeg er **på vei til et liv jeg elsker** 😊

Anette Lundervold

Er blitt pensjonist

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad kan sjå tilbake på 26 trivelege år i Bokn kommune.

- Eg har trivest veldig godt i jobben min. Det har vore ein fin arbeidsplass, seier boknaren, som etter realskule, gymnas og militæret var studentlærer i Vesterålen før han tok sosialhøgskulen i Stavanger.

Sosionomen var yrkesrettleiar ved arbeidskontoret for Vefsn i Mosjøen i fem år, og hadde ein tilsvarande stilling ved Fylkesarbeidskontoret i Arendal i to år før han jobba fem år ved pedagogisk psykologisk kontor (PPT) for vidaregåande skular i Arendalsregionen. I mai 1985 flytta han tilbake til Bokn og byrja i stillinga som helse, sosial og kulturleiar.

Nokre år seinare blei tittelen døypt om til Helse- og sosialsjef før det ein periode frå 1997 heitte seksjonssjef sosial og barnevern. Underteikna tok over kulturseksjonen i 1993. Etterkvart blei Reidar med i NAV Bokn.

Den store omveltinga

Dei første arbeidsåra i Bokn var i andre etasje på Bokn handelslag, saman med likningskontoret og landbrukskontoret. Teknisk etat, kommunekasserar og rådmann var i andre etasje i "Gamle banken".

Han fortel at det kunne bli litt einsamt i desse lokala. Omveltinga kom då kommunen flytta inn i Boknatun i august 1987.

- Me blei liksom ein skikkeleg kommune då, med gode lokale og nærleik mellom dei ulike etatane. Dette var veldig positivt, kjem det frå 65 åringen, som opplevde ei voldsom utvikling innan helse og sosial omsorg for eldre og funksjonshemma frå 1987 og framover, noko som har gleda Reidar mest i jobben hans i kommunen.

- Me fekk sjukeheim og dei første omsorgsbustadene, kontor for helsesøster, lege, bibliotek, allrom, kjøkken og seinare fysioterapeut.



Reidar Alvestad på sin siste arbeidsdag 28. april i år.

Bokn Bygdablad

Den fyrste hausten han jobba i Bokn kom idéen om å gi ut eit bygdeblad, etter at han syntest det mangla noko med kontakten med boknarane. Reidar meinte det var behov for eit identitets- og informasjonsorgan, og gav ut to prøvenummer av bladet i 1985.

Han følte det blei tatt godt i mot, noko mange kan skriva under på.

- Ja, det var ekstra kjekt då eg begynte med bygdebladet, seier skriveentusiast.

Underteikna tok over bladet i april 1997.

Fagmiljø

Det som har vore mest utfordrande for Reidar var å sitta åleine i helse og sosial-stillinga og ikkje ha så mange rundt innafor same fagområde, men han trekker fram eit godt samarbeid med andre kommunar, først Karmøy, så Tysvær - i samband med at kom-

munen blei landfast for vel 20 år sidan.

Etterkvart har kommunen knytta til seg fleire medarbeidarar med same bakgrunn og erfaring som Reidar, og dei siste åra har det vore greiare for han å jobba, t.d. med tanke på å diskutera faglege spørsmål på arbeidsplassen.

Takk for innsatsen!

Han har både likt seg i jobben og har trivest veldig godt med kollegaene, noko som er gjensidig. Me har hatt ein imøtekommande, pliktoppfyllande og punktleg kollega i arbeidsmiljøet.

Den lokalhistorisk interesserte sambygdingen er m.a. styremedlem i Bokn Historielag og med i Bygdeboknemnda.

Han synest det er kjekt og interessant å vera med og yta sin del.

Og me seier heller ikkje nei takk til bidrag i Bokn Bygdablad, dersom dette

Husk - gratis juridisk hjelp i servicetorget

Gro Sørensen

Du kan få gratis juridisk hjelp i servicetorget også hausten 2011.

Utover hausten blir dette desse onsdagane kl. 13.30 - 15.30:

- 14. september
- 12. oktober
- 16. november
- 14. desember

Tenesta er uavhengig av inntekt og formue og du kan nytte deg av ordninga fleire gonger pr. år. Det er

advokatfrima Vik Vestly AS som gir advokattjenester og målet er at innbyggjarar i Bokn skal få hjelp til å løyse enkle juridiske problem på ein rask og effektiv måte, utan å måtte oppsøkje advokatkontor. Advokaten har inga tilknytning til kommunen.

Vil du nytta deg av ordninga - ring servicetorget på tlf. 52752500 eller send ein e-post til post@bokn.kommune.no

Fyrlykta

Anne E. Askeland

Møtestad Føresvik; ein møtestad til glede for store og små. Kanskje møter du nissen og.....

16. juli var det marknadsdag på Bokn. Tor Harald Alvestad hadde også i år lagt ned mangfaldige timar i forarbeid for å få alt på plass før store og små gjorde entre.

Entre gjorde også Boknanissen denne dagen: att i fyrlykta han budde i då ein gong for mange år sidan. Lykta er no plassert i Føresvik; eit flott skue. Historia om nissen kom til då ein i 2009 byrja prate om å gjera konkrete tiltak for å få lykta heim att til Bokn. Lykta vart i si tid flytta frå Bokn til Haugesund; ho hadde gjort sin misjon og beslutninga om å fjerne ho, vart teken.

Nokre hugsar kanskje at store og små boknarar slo fylgje med Boknanissen for å helse på kystdirektøren like før jul i 2009. I tillegg til å helse på kystdirektøren ville nissen også få bekrefte at lykta no skulle få kome heim att. NRK laga ei flott reportasje om saka; det er allereie snart 2 år sidan.

Tilbake til marknadsdagen i år: Ordføraren ynskte Boknanissen lukke til i heimen sin og gav han samtidig ei lita gåve. Gåva var ei badebukse; flottare bade plass skal ein leite lenge etter – og for nissen sin del så finn han den like utafør døra.

Bada gjorde også **jentene frå Friskis og Svettis**. Etter ei flott oppvisning på land hoppa dei like godt i det: I gamaldagse badedrakter og kvite badehetter var dei eit syn (**bilde til høgre**).



Etter mange år som huslaus kunne Boknanissen endeleg flytta heim.



Reduserte opningstider på biblioteket

Linda Ognøy

Biblioteket vil frå måndag 12. september innskrenke på opningstidene.

Dei nye opningstidene blir:

Måndag 16-19	Onsdag 16-19
Tysdag 10-13.30	Torsdag 10-13.30

Vis respekt for opningstidene!



DET REGNE FRA SKYFRI HIMMEL

det regne i fra skyfri himmel
der eg ligge i engå å slappe av
eg ser opp på ein stjernevimmel
polarstjernå e ringdansens nav

eg ser ein regnbue så lyse opp mørket
der eg ligge i engå å filosofere i fred
itte flommar av tankar komme tørke
e det tomt gjer det ingenting det

eg hørre stillheten klart så eg ser dagen
der eg ligge i engå med trøtte kropp eg
har tatt godt tak i kragen
på livet å hale meg opp

eg rusle på soloppgangens stråler
med blomster å gras i mitt hår
det er utrolig ka sjelå tåler
av juling kvar dag vart år

Kjetil Hamre

© kjetil hamre

Føresvik på lufta

Kyrre Lindanger

Lokalradiokanalen sendte i år eit av sine sommarshow direkte frå Føresvik. Fredag 15. juli, dagen før marknadsdagen, gjekk radiosendinga på lufta i strålende solskin i bakgården til Coop Bokn. Mykje folk var møtt fram, og stemninga i området var ein forsmak på kva som skulle kome dagen etter.

I løpet av den to timars direktesendinga var det mellom anna intervju med dagleg leiar i Coop Bokn, Tor Harald Alvestad, folkehelsekoordinator Anne Askeland, Janne Elin Vatnaland og oppvisning med Pluggen Motorklubb. Sendinga var ein behageleg miks av musikk og sommarsnakk, elegant bunde saman av programleiarane Per Ivar Reine og Helge Bertelsen. Sendinga blei runda av med flaskepostkonkurransen i hamnebassenget i Føresvik.



Per Ivar Reine i Radio102 intervjuar Tor Harald Alvestad, dagen før marknadsdagen 2011.

NRK Rogaland Morgenlokalen med direktesendt "reisebrev" frå Bokn

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Birger Lindanger/Unni W W Høivik

Det var ikkje fritt for at ein skulle ynskja ein vakna til strålende sol onsdag 20.juli; regnet slo tungt i bakken... Men; veret får ein sjeldan gjort noko med og det beste er å ta veret med godt humør.

Stemninga blant dei frammøtte var så også svært god då NRK Rogaland sin reporter kom for å lage stemningsrapport frå Bokn.

Klokka 07 vart kaffien servert, NRK lyttarar over heile fylket fekk ta del i historia rundt fyrlykta som no er komen "heim".

Fokus var også på betydninga av å skapa gode møteplassar for innbyggjarar i ein kommune; Bokns nye "indre kai" Føresvik er eit eksempel på det ein vonar vert ein attraktiv møtestad for boknarar og tilreisande. For å visa kor flott badeplass ein har fått i Bokn valde tre av kommunens tilsette å ta eit aldri så lite morgonbad.

Eit morgonbad som var svært forfriskande – og særst godt for lattermusklane både til dei som bada og andre. NRK lyttarane denne dagen fekk også høyre historia om Boknafjellet som seglingsmerke og om prosjektet Utsiktspunkt Boknafjell.



Man bør jo kjenne på "tempen" da!



Slettes ikkje galt dette!

- Dette er jo ein verdensbegivenhet!....

Birger Lindanger

....ytra fylkesordfører Tom Tvedt på toppen av Boknafjellet 10. august. For i dette kanskje mest omfattande arrangementet på Bokn sidan tusenårsskiftet, var det også opning av noko så uvanleg som eit utsiktspunkt for blinde.

I sju år har prosjekt Utsiktspunkt Boknafjell mognast fram, 10. august sto det ferdig og kunne takast i bruk. Her var laga eit skiferplata og mellom anna tri tavler i kvar himmelretning og med ein presentasjon som opna augo for nokon kvar. Ikkje minst gjorde beistet av ein sjøorm eit skrekkeleg inntrykk. Eit gedigent spleiselag har det vore: Bokn kommune, grunneigarar, ei lang rekkje friviljuge, Rogaland Fylkeskommune, SR-bank og Statoil for bare å nemna nokre.

Utkikkspunkt er jo landet vel forsynt med. Det banebrytande med dette prosjektet, er at ein også prøver å leggja til rettes for at blinde og svaksynte skulle få utbytte av eit besøk på toppen av Boknafjellet, i fyrste omgang med tekstar i blindeskrift. Noregs Blindeforbund sperra augo opp då me kontakta dei om koss ein skulle leggja til rettes eit utsiktspunkt for blinde. Dette var noko dei aldri hadde høyrte om før, i alle fall ikkje her til lands, let dei om.

Storstilt markering

Så blei det invitert til fest 10. august. Fyrst samlast folket i samband med den offisielle avdukinga av fyrlykta i Føresvik.

- Lat denne lykta bli det same for Føresvik som Eiffeltårnet er for Paris, ynskte ordføraren i talen sin.

På steinar og kaiar og langs vegane vrimla boknarane for å høyra på. Gjævt folk dukka opp: fylkesordføraren, kystdirektøren, banksjef Svein Dalva i SR-bank attåt rådmann og ordfører i Bokn og nokre utsende frå media. Talar blei haldne og ei stor tavle om Austbåen blei overlevert før ferda gjekk vidare opp mot toppen av Boknafjellet. Dei med litt støle bein fekk skyss heilt opp.

Oppe på fjellet var det godt over eit par hundre menneske, boknarar, tysværbuar, karmøyfolk og folk frå tilsvarende eksotiske strøk. Det vanka talar ved ordføraren, banksjefen og vår eiga Anne Askeland. Ordføraren streka under i talen sin at i forhold til folketalet i kommunen var ikkje fjellet så verst høgt.

Sidan spela eit skotsk sekkepipeband frå Bergen for oss. Sjølv om to av dei opphavleg fem medlemmene i "The Bergen Pipe Band" låg sjuke og utan høve til å delta, skapte dei tri attve-

rande attåt Jardar ei sterk stemning på fjellet.

Utsiktstavle for blinde

Høgdepunktet var likevel då Thomas Tvedt, son til fylkesordføraren og blind, tok i bruk utsiktstavla for blinde og sidan heldt konsert for oss.

Oppe ved sjølve varden sat også ei bunadskledd boknahulder med fanget fullt av roser, ei til kvar av dei som hadde vrimla seg opp på fjellet. Ut frå talet roser som forsvann, må det ha vore godt over to hundre som denne skinande sommardagen hadde funne vegen til himmels.

Hedlekaka

Sidan var det nedtur til partytellet i Føresvik. I tråd med eldgammal boknafjelltradisjon blei det der servert hedlekaka med særst mykje godt i. Ho gjekk til hols medan undertekna på nøkternt vis orienterte både om den hedlekakebakande risen på fjellet med svoger på Karmøy og om liv og levnet til sjør-



Thomas Tvedt las høgt frå tavla med blindeskrift.

også vist veg både på landsbasis og kanskje ennå vidare, ytra fylkesordføraren før han drog vidare.



Oppe ved varden sat det ei hulder med eit fang roser. Her våger ei av publikumarane seg bortom.

men. Desse anlegga har skaffa Bokn mange nye og gode møteplassar, dei vil garantert bli tekne i bruk. - Med anlegget på toppen har Bokn

Du finn bildealbum frå hendinga på bokn.no

Mmmmmmm; multivitaminmedisinering!

Tekst: Anne Elisabet Askeland - foto: Jardar Havikbotn

Det var så vi ikkje trudde våre egne augo då vi forleden dag tok kommuneoverlege i Bokn, Dag Helge Rønnevik "på fersken" der han kosa seg med ein paraplydrink - i arbeidstida!

- Mmmm; dette smaka godt! sa han og smila frå øyre til øyre..

Det viste seg at paraplydrinken var av sorten "Smoothie": ein solid dose vitaminer, antioksidantar og god smak. Helsesyster Henriette Lindanger stod for serveringa denne gongen og kan friste med fylgjande oppskrift:

"Smutti a la dutti" (smoothies for doktorer og andre)

Mengde: Ca. 1 liter
150 ml eplejuice
150 ml blåbær/druejuice
200 ml youghurt (Tines "Ja - vanilje", mango el.l)
ca. 300 g frukt/bær (frosne)
2,5 bananer

Hell juicen i blenderen (viktig med juice først for å unngå at frukt og bær "låser" kniven i blenderen). Ha så oppi frukt og bær samt youghurt. Del bananene i skiver; ha dei så oppi blenderen. Kjør blenderen til du har ei jevn blanding.

Vel bekomme!!

(Brukar ein ferske frukt og bær er det godt med 2-3 isbitar oppi.)

Som mellommåltid er smoothies eit svært godt alternativ til mange andre usunnare produkt. Å laga velsmakande smoothies er slett ikkje tidkrevande; i ei "handavendig" har ein drikken klar for servering. Ein treng heller ikkje investere i den dyraste og flottaste blenderen. Det ein



Helsesyster Henriette Lindanger: - Skulle det vera eit glas "Smutti a la dutti", doktor?

Foto: Jardar Havikbotn

derimot med fordel bør vektleggje ved innkjøp av blender, er at den yter meir enn 500W; aller helst 750W eller meir. (Det betyr at den effektivt knuser og blandar ingrediensane.) Born og ungdom er ofte svært begeistra for smoothies og det er gledeleg å høyra at ein allereie har gått til innkjøp av blender oppe på "Petra": Supert Turid!!

Ta naturen i bruk

Når det gjeld ingrediensane i smoothies så er det inga tvil om at dei som har tilgang til ferske frukt og bær-sortar bør bruke det. Kva med å ta borna med for å hente blåbær? Blåbær er ypparleg som ein av ingrediensane, fulle av antioksidantar – og på toppen av det heile: Ein gjer noko saman og ein lærer noko om både ernæring og næring; ja – og i tillegg tek ein

naturen i bruk.

I ein travel kvardag kan det likevel vera utfordrande nok å få logistikken til å "gå opp". Det er difor kjekt å kunne berolige samvittighetsfulle småbarnsmødre og fedre med at frosne frukt og bær også er heilt ok. Ein nyttig link i så måte er:

<http://www.helsedirektoratet.no/ernaering/kostholdsrad/>

Det viktigaste vil likevel for oss alle vera: Bevisstgjeringa noko kva vi serverer både born og vaksen gjer at vi heile tida tek små steg mot eit kosthald som er godt for både kropp og sjel.

Ha ein smooooth dag;
mmmmmmmmmmmmmmmmmmmm...

Norskekysten i gong

Fjernsynsserien på sundagar kl. 20.35 (kan variera) på NRK1, der det vil koma innslag frå Bokn i program nr. 8 (23. okt.), hadde premiere 4. september.

11. august i fjor blei det m.a. gjort opptak på Boknafjellet, Oksebåsen og i sjøhusmiljøet i Alvestadkroken.

Programserien handlar om natur, kampen mot elementa og fine møte med menneske.

Me gler oss!



Velkommen til verda – og til Bokn!

Tekst: Henriette Lindanger/Anne E. Askeland - foto: Gro Sørensen

Den siste måndagen i august måned inviterte helsesyster Henriette Lindanger årets nybakte mødre til ei hyggeleg samling på helsestasjonen.

Helsestasjonen er ein viktig møteplass; det gav også dei som møtte fram tydelege tilbakemeldingar på. Og dei møtte alle saman: åtte jenter i talet var inviterte. Fire flotte nybakte mødre og fire flotte små jenter.

I tillegg var også jordmor Bodil L. Auestad tilstades. Det var også Inger Sønnøve Bokneberg og Reidun Grønnestad frå Saniteten. Noko av målsettinga med dette treffet var rett og slett å samlast for å kunne slå av ein prat og verta betre kjende. I tillegg hadde helsesyster ei gåve til dei nye boknarane som ho ville få dele ut. Saniteten har over mange år gjeve ei gåve til dei nyfødde; dei siste åra har dei også strikka små lubber som babyane har fått. Det har vore svært populært. Nytt av i år er eit samarbeid mellom Bokn kommune og Saniteten kor ein har supplert med ein body med teksten "Boknababyen likes the boobs", ein Kjekt på Bokn pin samt ein Bokn kommune pin. Sist, men ikkje minst: Frå Apotek 1 Tysvær har ein også fått babyprodukt og brosjyremateriell.

I ein enno større samanheng er dette med gáva til dei nyfødde eit konkret tiltak for å auke fokus på forebygging av overvekt og fedme hjå barn og unge. Problemet er aukande på landsbasis og fagfolk er enig i at for å unngå amerikanske og britiske tilstandar må det tas grep på nasjonalt plan. Med utgangspunkt i både dei psykososiale og reint fysiologiske konsekvensane overvekt og fedme har for barn og unge, meiner vi at intet tiltak er for lite.

Forebygging

Amming som faktor i forebygging av overvekt og fedme kan vera avgjerande. Barnet lærer frå den spede start at det er barnet sjølv som regulerer matinntaket. Det er svært viktig for oss å poengtere at ein på ingen måte skal gjera vondt verre for dei som ikkje håndterer dette med amming. Som helsesyster Henriette uttalar:

- Det er flott å vere helsesyster i ein liten kommune. Får eg kjennskap til at ei nybakt mor slit med amminga inviterer eg henne til dagleg oppfølging for om mogleg å oppnå meistring. Men; ser eg, på den andre sida, at ei mor slit så mykje med amminga at dette går ut over både barnet og mora er eg svært tydeleg på at ho bør la barnet få mjølk på flaske.

Å forebyggje overvekt og fedme bør starta tidleg. Helsedirektoratet lanserte i februar nye retningslinjer for forebyg-



Velkommen til verda – og til Bokn!

ging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge; dette skapte store overskrifter landet over. Temaet overvekt og fedme kan vera eit vanskeleg tema å tilnærme seg. Her hjå oss tenkjer vi som så at kan vi klare å ha fokus på vanskelege tema ved å tilnærme oss dette med eit godlynt smil om munnen og med eit venleg drag om hjarta så kjennest det kanskje ikkje så vanskeleg likevel. Babybodyane er eit tiltak i ei rekkje av fleire. Vi har høgt fokus på å få augo meir opp for helsegevinsten ved å eta meir fiskeprodukt og vi arbeider med å få definert eit prosjekt på dette i barnehagesamanheng. I tillegg driv vi intens "snikinnføring" av sunnare alternativ på fleire arenaer; vi kan bl.a nemna at vi er godt i gong med å gjera boknarane oppmerksomme på kor lett-vint og godt det er med smoothies. Helsesyster hadde sjølvsgatt fersk, ny-laga smoothies på menyen på barseltreffet.

Barseltid

Praten gjekk godt blant dei vaksne på barseltreffet. Eit av temaene ein kom innom var blant anna dette med korleis ein opplever barseltida no samalikna med korleis ein opplevde barseltida tidlegare. "Før i tida" heitte det at når den nyfødde kvila skulle også mor kvile for å sikre at ho hadde overskudd nok til å kunne ta seg av den nye verdsborgaren.

- Vi ser tendensar til at dette no kjem sterkt tilbake, seier helsesyster.

På helsestasjonen har vi høgt fokus på at det er viktig å ta inn over seg at huset ikkje treng vera "gullande" reint til ei kvar tid og at ein slett ikkje skal føla seg forplikta til å servere nybakte bollar når ein får barselsbesøk. Skal



Linnea Elisabet stolt i ny body.

ein ha nok overskudd til å handtere våkenetter, eldre sysken i tillegg til dette med amming lyt ein vera ærleg med seg sjølv og kanskje nedprioritere nokre av dei huslege oppgåvene for ei stund.

Vi ynskjer dei nye boknarane velkomne til verda og til Bokn!



Foto: Inger Johanne Stenberg/NRK

Nye tider på Bokn

Det skjer mye spennende på Bokn. Vi i SpareBank1 SR-Bank gleder oss over utviklingen, og legger nå til rette for å være enda mer tilgjengelig når viktige økonomiske beslutninger skal tas. Kanskje dine drømmer ligger et sted mellom Loden og Ognøy, og bare venter på å bli realisert?

May Jorunn Vatnaland er offentlig autorisert finansrådgiver, og hun vil med sin kompetanse nå gi langt større muligheter for rådgivning på Bokn.

"Snakk med meg om;

- lån
- skadeforsikring
- livsforsikring
- pensjonssparing

Kontakt meg på tlf 02002 eller e-post may.jorunn.vatnaland@sr-bank.no"

Åpningstider

Mandag - fredag kl 11.00 - 15.45

Kassen er åpen:

Mandag, onsdag kl 12.00 - 14.00

Fredag kl 12.00 - 15.00

Velkommen!

SpareBank
SR-BANK 

LAURDAGSOPE TORANESET MILJØPARK



For å auka servicen vil Toranaset Miljøpark no ha ope kvar laurdag f.o.m. 3. september.

Toranaset Miljøpark har følgjande opningstider:
Måndag, tirsdag, onsdag og fredag: 08:00- 15:00
Torsdag: 08:00- 19:00
Laurdag: 09:00- 14:00

Rett avfallssortering er miljøarbeid i kvardagen! Ditt avfall til HIM blir behandla på beste måte for miljøet.

HIM har i tillegg mottaksanlegg på Årabrot i Haugesund og Tongane i Etne. Sjå www.him.as for opningstider.

HIM Høgaland Interkommunale Miljøverk RCS
tlf. 52 74 81 65 post@him.as www.him.as

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.
Innvendig reingjering frå 500 kr.
Skinngleie frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

HØSTSALG NÆRINGSRIK KOMPOSTJORD

- KR 250 PR. M³



www.him.as

Garasjevindaug til sals

2 stk. ubrukne garasjevindaug til sals.
110x60 cm.

Kr. 300 pr. stk.

Tlf. nr.: 936 25 861.

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Prøv ei annonse i Bokn Bygdablad

**coop
marked**

COOP MARKED BOKN

**coop
marked**

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Bokn & Tysvær**begravelsesbyrå**

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

**Utleige av minigraver
2500 kg**

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring
Bokn Legevakt 52 74 85 22
(heile døgnnet).**

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,
sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treg du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,
tysdagar og onsdagar kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28
Direktenr. tysdag: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl.
08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

**HÅRSMIÅ**

Velkommen til Hårsmiå.

Har åpent alle
hverdager kl. 08.00 - 20.00
Lørdager kl. 10.00 - 14.00

Kan også få tatt øre og nese-piersing.

Salg av
Macadamia natural oil-serien.

52 74 86 47 / 46 44 29 20

Med vennlig hilsen
Mona på Hårsmiå

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helse-
stasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte
kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og
treng skyss til å komma deg frå
ein stad til ein annan? - t.d. til
lege, ulike tilstelningar, handla på
butikken, m.m.

For å avtala tid, ring
94 14 47 35 - helst dagen før
eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til
sjåføren.

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,-
pr. km for kvar ekstra
passasjer.
- Minstepris kr. 100,-

**FRISØRROMMET
PÅ BOKNATUN**

Mine åpningstider er tirsdag-fredag

Oddetallsuker: kl. 09-16

Partallsuker: fleksible åpningstider

Hilsen fra Anita
99 32 55 34 - 52 74 85 34

Prøv ein annonse i
Bokn Bygdablad

**Bokn bibliotek****Opningstider:**

Mån. 16 - 19 Ons. 16 - 19
Tys. 10 - 13.30 Tors. 10.- 13.30



Ledig stilling som byggesaksbehandlar/saksbehandlar

Bokn kommune ligg på øyar med fastlandssamband til Haugesundsregionen. Innbyggartalet på 850 er aukande. Kommunesenteret ligg i Føresvik. Bur ein på Bokn kan ein nytta arbeidsmarknadene både sør og nord for Boknafjorden. I køyretid er det ein halvtime til Haugesund og i underkant av ein time til Stavanger.

Bokn kommune har ledig stilling som byggesaksbehandlar/saksbehandlar. Stillinga er i teknisk seksjon som har ansvar for plan- og byggesaker, kart og oppmåling, VAR og under dette kommunale avgifter.

Stillinga vil ha eit breitt arbeidsområde innan seksjonen men med hovudvekt på byggesaksbehandling.

Bokn kommune legg vekt på at saksbehandlinga skal opplevast føreseieleg, rettferdig og imøtekommande for innbyggjarane. Ein legg stor vekt på at det skal ytast god og lett tilgjengeleg service til brukarane.

Me ynskjer difor ein medarbeidar som:

- Er løysingsorientert og har evne til å arbeida målretta og sjølvstendig
- Er omgjengeleg og lett å samarbeida med
- Er god til å kommunisera munnleg og skriftleg.
- Er opptatt av å yta god service til publikum og næringsliv
- Har kjennskap til plan- og bygningslovgevinga
- Ein ynskjer 3 – 5 år relevant utdanning frå høgsकुle eller universitet. Annan relevant bakgrunn vil bli vurdert.

Me vil ved tilsetjing leggja hovudvekt på personleg dugleik, motivasjon og relevant arbeidserfaring.

Kommunen kan tilby:

- Varierende og utfordrande arbeidsoppgåver
- Løn etter avtale. Den rette får rett løn.
- God pensjons- og forsikringsordning

Søknad kan sendast elektronisk som e-post: post@bokn.kommune.no eller som brev til Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn.

Nærare opplysningar om stillinga kan de få ved å vende dykk til seksjonssjef teknisk Kåre Bua, tlf. 52752506/91564401.

Søknadsfrist: 20.09. 2011



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

Tysdag 20. september kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)
Tysdag 18. oktober kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)
(konstituerande møte)

Bokn formannskap

Tysdag 06. september kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)

Bokn forvaltningsstyre

Tysdag 13. september kl. 19.30 (Boknatun 1. etg.)

Bokn sokneråd

Tysdag 23. august kl. 19.00 (Bokn bedehus)
Torsdag 29. september kl. 19.00 (Bokn bedehus)
Onsdag 26. oktober kl. 19.00 (Bokn bedehus)
Torsdag 17. november kl. 19.00 (Bokn bedehus)
Torsdag 8. desember kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Bokn senior/brukarråd

Torsdag 6. oktober kl. 18.00 (Boknatun 1. etg.)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

Endelig er den her!

Dans fuego! Friskis&Svettis svar på Zumba!



Dans fuego er inspirert av latinske rytmer, musikk og danseuttrykk. Timen har ingen avansert koreografi, det er bare å henge på og slippe seg løs. . .
Annenhver onsdag kl. 19.30 -20.30. Oppstart var onsdag 7. september.

Ellers vanlige treninger tirsdager kl. 20.00-21.00 og torsdager 19.00-20.00

Kom og bli med!!!

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 63,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

Foto, omslag:
Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Frå arrangementet *Himmelsk Jazz* 10. august

Foto: Jardar Havikbotn

Klovnerier og akrobatikk på Trisnippen

Kyrre Lindanger

Cirkus Zorba har gjort det til ein tradisjon å gjøgla for boknarane. Sirkuset feirar i år 20-årsjubileum, og halve denne tida – sidan 2002 – har dei fått jubelen i telttaket.

I år var "Trisnippen" i Føresvik staden. Snau hundre boknarar i alle aldrar let seg freista den 10. juli av spretne folk i svingande trapes, vippebrett-akrobatikk og klassisk gange på stram line. Som vanleg var det også fleire koselege innslag med dresserte husdyr, slik som kattar, geiter, hundar, fuglar og ponniar.

Programmet blei bunde saman med den gjøglande klovnen Gena som også lukkast med å trekkja seriøse boknarar ned i manesjen. Størst begeistring blant dei yngste vakte nok likevel den levande ballongen på slutten av showet.

Dagleg leiar i Cirkus Zorba, Thor Gujord, var tilfreds med publikumsoppmøtet. Neste år kjem dei tilbake, lova han, då med eit nytt og større telt.



- 1: Snau hundre boknarar i alle aldrar lot seg freista.
- 2: Dagleg leiar, Thor Gujord, med dresserte geiter.
- 3: Programmet blei bunde saman med den gjøglande klovnen Gena.
- 4: Størst begeistring blant dei yngste vakte likevel den levande ballongen.

Pangstart på Petra-året

Jardar Havikbotn

Den nye ungdomsarbeidaren, Turid Askeland (snart 24) frå Hervik, er veldig godt fornøgd med opninga av Petraåret 2011/2012.

26. august hadde ho invitert ungdommar på Bokn (13-19 år) m/venner, til ein heilafte med gratis inngang og gratis grillmat, leikar, konkurransar, drøs og kos.

Grillinga blei utført av to av dei fem foreldrevaktene. Maten var sponsa av Coop Marked Bokn og Grieg Seafood, så her var både pølser og lakseburgarar.

Lakserettane er eit ledd i at Turid har begynt med sunne alternativ. Ho serverer også frukt, og den nyinnkjøpte blenderen har allerede laga populære smoothies.

Helsing frå ordføraren

Heile 45 ungdommar var til stades, og i ei lys og nyoppussa Petra-stove fekk dei m.a. ei helsing frå ordføraren, der han snakka om at det var viktig for kommunen å ha fokus på dei unge, for å få dei tilbake til heimstaden etter endt utdanning. Dei unge fekk også høyra at dei var heldige som hadde eit slikt bygg, og at det snart må bli ei god løysing i 1. etasje (muggsopp).

Turid, med erfaring frå fritidsklubb i Tananger, ga også alle ein Give aways-pose kvar m/gratis ting oppi, sponsa av ulike butikkar i Haugesund.

Ein vellukka kveld!



- 1: Helsing frå ordførar Kyrre Lindanger.
- 2: June Kro og Leif Kjellesvik stod for grillinga, i Gatebilklubben sine lokale.
- 3: - Skal det vera ein lakseburger, spør ungdomsarbeidar Turid Askeland.
- 4: Benedicte O. Mæland jobbar på det flotte vegmåleriet sitt.
- 5: Gøy med konkurranse!
- 6: Kaj Raymond Mikkelsen mottar ein Give aways-pose av Turid Askeland.

Sommertur

Torny Ø. Rossebø

Torsdag 30. juni var det en spent gjeng som møtte opp utenfor kombi-bygget. Anledningen var at gjengen på dagsenteret skulle på sommertur med den nye kommunebussen. Siden det var første gang bussen ble brukt til tur ble det tatt bilde av alle foran bussen, av fotograf Gro på servicetoget.

Etter at alle hadde funnet seg et godt sete i bussen, og alle «remediene» (gåstative) var satt inn, kjørte vi avgårde. Det store spørsmålet var da hvor vi skulle ?? Det var det nemlig ikke så mange som visste... Det ble gjettet på Isvik og Amanda. En hadde til og med hørt noen «kvitre» at turen skulle gå til Rennesøy, men det hadde de mindre tro på. Da bussen svingte til høyre i Knarholmskrysset, ble denne teorien styrket, og det ble litt uro og usikkerhet i bussen. Skulle vi virkelig over fjorden? Og det skulle vi jo....

Utstein Kloster

Da vi kom til Arsvågen kjørte vi rett ombord i ferja, og alle fikk sitte i bussen på turen over. Kjøreturen videre gikk til Utstein kloster, med en snarut innom Vikevåg. Mange hadde minner og historier om Rennesøy, så praten gikk og latteren satt løst på turen.

Fremme ved Utstein Kloster var det tid for en kaffepause. Vi satte oss ved noen benker foran klosteret. Værgudene var heldigvis på vår side denne dagen, så det var flott å sitte ute og drikke kaffi.

Etter en god pause med kaffi og «drøs» var det det på tide å sette seg inn i bussen igjen for å kjøre til Sjøberg, som ligger på austsiden av Rennesøy. Der ble vi tatt vel imot. Lokalene var koselige, og bordet fint pyntet med lys og blomster. Vi fikk servert en god fiskerett og bjørnebær m/is til dessert.

Tiden flyr i godt selskap. Etter middag var det på tide å tenke på hjemturen, og nok en gang kjørte vi rett ombord i ferja. Flaks ??, eller god planlegging ??

Alle var fornøyde da vi kom hjem igjen, og synes vi hadde hatt en fin tur.

Så takk til alle som har vært med å bidra, slik at vi fikk muligheten til å reise.

En spesiell takk til Silje Aksdal for at hun stilte opp som sjåfør og lokal guide på Rennesøy.

Vi håper alle at vi snart får muligheten til å reise på tur igjen...



En spent gjeng klar for tur, fh. Silje Aksdal, Borgny Kro, Erna Bryningsland, Torny Øvrebo Rossebø, Ella Berge, Margit Alvestad, Olaug Hognaland, Marie Dirdal, Berta Våge og Helga Sunde.



En velfortjent kaffepause i historiske omgivelser ved Utstein Kloster.



Vi får servert et godt måltid på Sjøberg.

Dagsenteret

De som benytter seg av dagsenter-tilbudet er en trivelig gjeng på 70+, som møtes hver torsdag mellom kl. 10 og 14. Vi møtes i stova som hører til omsorgsboligene. Denne høsten er det 10 år siden en startet med dagsenteret, og flere (faktisk

de fleste) som er med har vært med helt fra starten.

Er du i den aktuelle aldersgruppen og har lyst til å ta turen innom er du velkommen.

Torsdag 29.september fra 10-12, har vi kaffien klar..., så bare ta turen!